

## KRONPRINSREGENTENS RESOLUSJON AV 28.04.2000

om

1. VERN AV SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE I BYKLE, VALLE OG BYGLAND KOMMUNAR I AUST-AGDER FYLKE, ÅSERAL, HÆGEBO-STAD, KVINESDAL OG SIRDAL KOMMUNAR I VEST-AGDER FYLKE OG FORSAND KOMMUNE I ROGALAND FYLKE SOM LANDSKAPSVERN-OMRÅDE MED DYRELIIVSFREDNING,
2. VERN AV STEINSBUSKARDET – HISDAL I BYKLE KOMMUNE I AUST-AGDER FYLKE SOM BIOTOPVERNOMRÅDE.

I

I medhald av lov av 19. juni 1970 nr 63 om naturvern §§ 5 og 6, jfr §§ 14, 21, 22 og 23, er Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane i Bykle, Valle og Bygland kommunar i Aust-Agder fylke, Åseral, Hægebostad, Kvinesdal og Sirdal kommunar i Vest-Agder fylke og Forsand kommune i Rogaland fylke verna som landskapsvernområde med dyrelivsfredning i samsvar med vedlagt forskrift og kart.

II

I medhald av lov av 29. mai 1981 nr 38 om viltet § 7, 2. ledd er Steinsbuskardet – Hisdal i Bykle kommune i Aust-Agder fylke verna som biotopvernområde i samsvar med vedlagt forskrift og kart.

III

Forskriftene under I og II trer i kraft straks.



# FORSKRIFT OM VERN AV SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE LANDSKAPSVERNOMRÅDE I BYKLE, VALLE OG BYGLAND KOMMU- NAR I AUST-AGDER FYLKE, ÅSERAL, HÆGEBOSTAD, KVINESDAL OG SIRDAL KOMMUNAR I VEST-AGDER FYLKE OG FORSAND KOMMU- NE I ROGALAND FYLKE

## I

I medhald av lov om naturvern av 19 juni 1970 nr 63, §§ 5 og 6, jfr §§ 14, 21, 22 og 23, er eit område verna ved kronprinsregentens resolusjon av 28.04.2000 som landskapsvernområde med dyrelivsfredning under namnet Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Området ligg i Bykle, Valle og Bygland kommunar i Aust-Agder fylke, Åseral, Hægebostad, Kvinesdal og Sirdal kommunar i Vest-Agder fylke og Forsand kommune i Rogaland fylke.

## II AVGRENSING

Det verna området omfattar heile eller delar av følgjande gnr/bnr:

Bykle: 1/1,2,3,4,6,7,8,10, 2/1,2,4,8, 4/2,3,5,8, 5/1, 6/1,4,5,7,8,10,14, 7/1,2, 8/1,2,  
9/1,4,5, 10/1,2,3,4, 11/1,2,4, 12/1,2, 20/2,3,4, 22/1.

Valle: 21/1,5,7,8,11, 26/1,2,3,4,7, 27/1,2,5,11, 47/3, 48/3,4,5,6,13,16, 50/1,3,5,6,7,8,  
9,10,17,18, 51/1,3,4,6, 55/2, 60/1,2,3,4,5,6,30,35, 61/1, 62/1,2,3,4,5,6,7,8,12,13,14,28,  
63/1,3,5,6,7,8,10,19,20, 64/1,2,5,7, 68/1,2,5,6,7,8,12,18,33,35,36,37,38,39,40,43,54,61,  
65,66,67,90, 70/1,2,3,4,5,6,9,20,54, 71/1,2,3,9.

Bygland: 2/1,2,3,4,5,7,12,14,16,17,20,21,24,26,27,28,29,30,31,32,33,36, 3/1,2,3,4,5,  
9,10,11,12,13, 4/1,2,3,4,5,6,12,13,18,22,23,24,25,26,27, 5/1,2,9,12,18, 6/1, 9/15.

Åseral: 1,2,3,4,6,7,10,11,12,13,26, 2/1,3,4,5,6,7,8,9,10,14,15,16,18,19,22,23,24,52,59,  
5/1,2,5, 6/1,3,4,6,11,13,14,15,16,17, 7/1,3,4,5,6,7,8,11,13,15,16,65, 8/1,2,7.

Hægebostad: 101/4,7,9, 102/1,2,3,4,5,6,8, 106/1,3,4.

Kvinesdal: 191/1,2,4,5,6,7, 221/1,2.


Sirdal: 1/1,2,3,4,6,7,8,10,17,18,19,20,21,23,25, 2/2,3,4,5,6,7,8,14,15,16,17,18,19,20,  
21,22,23,24,25,26,27, 28,29,30,31,32,33,34,35,36,37,38,39,40,41,42,43,44,45,46,47,  
48,49,50,51,52,53,54,55,56,57,58,59,60,61,62,63,64,65,66,67,68,69,70,71,72,73,74,  
75,76,85, 3/2,4,5,6,11, 4/1,2,4,5, 5/1,3,5, 9/1,2,3,4,5,6,7,9,10,11,12,14,22,91, 10/1,2,  
3,4,6,9,11,12,13,28,29.

Forsand: 23/1,2,3,4,5,6,7,8,9,11,12,13,14,15,44, 24/1,2,3,4,5,6,8,9.

Landskapsvernombordet dekker eit areal på 2.346,7 km<sup>2</sup>.

Grensene for landskapsvernombordet framgår av vedlagde kart i målestokk 1:80.000, datert Miljøverndepartementet mars 2000. Kart og verneforskrift blir oppbevarte i dei berørte kommunane, hjå fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernombordet skal merkast opp i marka etter nærmare tilvising frå forvaltingsstyresmakta. Knekkpunkta skal koordinatfestast.



Innafor landskapsvernområdet er det særskilde kalvingssoner og trekksoner for villrein med ferdslereguleringar. Grensene for desse sonene er tekna inn på kartet. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift oppheve ferdslereguleringane eller endre grensene for desse sonene.

### III FØREMÅLET

Føremålet med vernet er:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandschap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

### IV VERNEREGLAR


For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:

#### 1. Landskapet

- 1.1 Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter. I dette er medrekna:

Oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av luftledninger, jordkablar og røyr, bygging av vegar og rasteplassar, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral, bergverksdrift, vassdragsregulering, gjødsling, sprøyting med kjemiske midlar, nedyrkning, såing, planting, endring i samansetnaden av treslag ved skogkultur, plassering av campingvogner og bobilars. Opplinga er ikkje uttømmande. Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

- 1.2 Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:
- a) Tradisjonell landbruksdrift, herunder støling, stenging av skårfeste, oppsetting av kve o.l. som er naudsynt for fedrifa.
  - b) Vedlikehald av bygningar, vegar og anlegg.
  - c) Vedlikehald av merka, eksisterande stiar og løyper. Forvalningsstyreimakta kan nekte vedlikehald av merka stier og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsla i ein skilde område.
  - d) Manøvrering av regulerte vassdrag i tråd med gjeldande konsesjonsvilkår og vedlikehald og tilsyn av konsesjonsgjevne kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker, dammar, radiolinkar og kraftlinjer herunder naudsynt auke i linetverrsnitt.



1.3 Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det stirr mot føremålet med vernet, kan forvalningsstyresmakta på nærmere vilkår gje løyve til:

- a) Nydyrkning, framføring av jordbruksveg og oppsetting av gjerde.
- b) Oppattbygging av bygninger som er gått tapt ved brann eller naturskade, og oppattbygging av nedfalte bygninger som hører med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i stølsgrender. Eventuelle vilkår for og utforming av bygninger skal setjast i samråd med fylkeskonservatoren.
- c) Mindre tilbygg til eksisterande bygninger.
- d) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.

## 2. Plantelivet

2.1 Nye plantearter må ikke innførast.

2.2 Tradisjonelt beite er tillate. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift regulere beite som er i strid med verneføremålet.

2.3 Hogst skal foregå i samsvar med reglar for hogst i vernskog.

## 3. Dyrelivet

3.1 Nye dyrearter må ikke innførast.

3.2 Jakt er tillate etter viltlova sine reglar.

3.3 Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskeloven.

## 4. Ferdsle (ikkje motorisert ferdsle)


All ferdsle skal skje omsynsfullt for ikke å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet eller beitedyr eller vere til ulempe for andre.

4.1 Arrangørar av større organiserte arrangement som idrettsarrangement, jaktprøver, store teltleirar og militærøvingar, må søke forvalningsstyresmakta om løyve til arrangementet.

4.2 I dei særskilde kalvingsonene Storenos (1), Vatnedalsheii (2), Ratevassnuten (3) og Svarvaren (4), og i trekssonene Breidvatn (5) som er avmerkt på kartet, er all ferdsle forbode i tidsrommet f.o.m. 25. april t.o.m. 31. mai.

I dei særskilde trekssonene Svarteløkfjellet (6), Vardsvatn-Kvislevassknuten (7), Andersvatnet-Børsteinvatnet (8) og Steinbuskardet (9) er all ferdsle forbode f.o.m. 15. april t.o.m. 20. mai.

4.2.1 Forbodet i pkt. 4.2 er ikke til hinder for:



- a) Ferdsle som følgjer veg og merka løype.
- b) Naudsynt ferdsle i samband med utbetring av skade på kraftanlegg.
- c) naudsynt ferdsle for grunneigar for tilsyn av eigedomens sin.
- d) Ferdsle i samband med militær operativ verksemd, ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsverksemd.

- 4.3 Bruk av ridehest og sykkel i utmark er berre tillate langs særskilde trasear som er kartfesta i forvaltningsplanen.
- 4.4 Innafor nærmere avgrensa deler av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift forby all slags ferdsle heile året eller ein del av året når ein reknar det naudsynt for å verne naturmiljøet eller dyrelivet.
- 4.5 Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå forbodet i pkt. 4.2 i særlege tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med vernet, sjå pkt. VI.

## 5. Motorisert ferdsle

### 5.1


- a) Motorisert ferdsle på land er forbode.
  - b) Lågtflyging under 300 m over kalvingsområder og trekksone, jfr kap II, er forbode.
  - c) Start og landing med motordrevne luftfarty er forbode. Med landing forstår ein også henting og bringing av passasjerar og gods sjølv om landing i fysisk forstand ikkje finn stad.
- 5.2 Vegen Brokke-Suleskard skal vere stengd i tidsrommet f.o.m. 1. november t.o.m. 20. mai. Vegen skal ikkje brøyast før 12. mai der han kryssar trekksona Vardsvatn-Kvislevassknuten.

### 5.3 Forbodet i pkt 5.1 gjeld ikkje:

- a) Motorisert ferdsle i samband med militær operativ verksemd, ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsverksemd. Øvingskøyring i samband med desse føremåla krev særskild løyve.
- b) Motorferdsle på veg, herunder anleggsvegar etter gjeldande konsesjonsvilkår.
- c) Landing med motordrevne luftfarty for henting av felt storvilt på eller ved følgjande vatn: Krokevatn, Ratevatn, Bånevatn, Storsteinvatnet, Ormsavatn og Karlsvatn i Bykle, Bossvatn i Valle, Storevatn i Sirdal og Kolsheivvatn, Monsvatn, Storolavsvatn og Lykkjevatn i Bygland kommune.

All lufttransport skal meldast til forvalningsstyresmakta før transporten tek til.

- 5.4 Forvalningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:
  - a) Naudsynt luft og snøscootertransport som trengst i samband med:



- jord- og beitebruk, t.d. frakt av gjerdeutstyr
  - frakt av ved eller hogstvirke
  - frakt av felt storvilt
  - kalking
- b) Naudsynt luft- og snøscootertransport som trengst ved tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg, sjå pkt 1.2.d. Ved akutte behov for slik transport skal det sendast melding.
- c) Naudsynt luft- og snøscootertransport av materialar til hytter, klopper mv og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.
- d) Opning/stenging av Brokke-Suleskardvegen ut over dei faste tidspunkta, ved heilt spesielle forhold og da etter retningsliner gitt i avtale av 12.04.99 mellom Fylkesmannen i Aust-Agder og Statens Vegvesen.

## V FORVALTNINGSPLAN

Forvalningsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremja føremålet med vernet. Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningsliner når det gjeld forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

## VI UNNATAK I SÆRSKILDE HØVE

Forvalningsstyresmakta kan gjera unnatak frå vernereglane i kap. IV når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for tiltak av vesentleg verdi for samfunnet og i særskilde tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

## VII FORVALTNINGSSTYRESMAKT


Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvalningsstyresmakt for landskapsvernombordet.

## VIII RÅDGJEVANDE UTVAL

Det kan oppretta eit rådgjevande utval for forvaltninga av landskapsvernombordet.

## IX IKRAFTTREDING

Desse reglane trer i kraft straks.



## FORSKRIFT OM VERN AV STEINSBUSKARDET – HISDAL BIOTOPVERN- OMRÅDE I BYKLE KOMMUNE I AUST-AGDER FYLKE

### I

I medhald av lov om viltet av 29. juni 1981 nr 38, § 7, 2. ledd, er eit område verna ved kronprinsregentens resolusjon av 28.04.2000 under namnet Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde. Det verna området ligg i Bykle kommune i Aust-Agder fylke.

### II AVGRENSING

Det verna området berører heile eller delar av gnr./bnr.: 7/1,2, 8/1, 9/1,3,5, 10/1,2,3,4, 11/1,2,4, 12/1,2, 20/2,3.

Biotopvernområdet dekker eit areal på 39,9 km<sup>2</sup>.

Grensene for biotopvernområdet framgår av vedlagde kart i målestokk 1:80.000, datert Miljøverndepartementet mars 2000. Kartet og vernereglane blir oppbevarte i kommunen, hjå Fylkesmannen i Aust-Agder, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for biotopvernområdet skal merkast opp i marka etter nærmare tilvisting frå forvaltningsstyrestrukta. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde har i to soner med ferdslerestriksjonar. I sone A, Steinsbuskardet, er det særskilt trekkrutar for villreinen. Sone B, Hisdal, er kalvingsområde. Grensene for sonene framgår av kartet. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift oppheve ferdslereguleringane eller endre grensene for desse sonene.

### III FØREMÅLET


Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernområde har til føremål å sikre eit særskilt heilårs leveområde med trekkvegar og kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei.

### IV VERNEREGLAR

#### 1. Naturmiljøet

- 1.1 Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva, gjera villreinen sitt livsmiljø ringare eller hindre villreinen sin bruk av området. Dette gjeld til dømes:

Oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av luftledningiar, bygging av vegar og rasteplassar, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrlegging, framføring av røyr over bakken, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, gjødsling, sprøyting med kjemiske



midlar, nydyrkning, såing, planting, endring av samansettningen av treslag ved skogkultur, og plassering av campingvogner og bobilalar. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Nye plante- eller dyreartar må ikkje innførast.

1.2 Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) Tradisjonell landbruksdrift, herunder støling, stenging av skårfeste, oppsetting av kve og liknande som er naudsynt for fedrifta.
- b) Tradisjonell beiting. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift regulere eller forby beite som stirr mot føremålet med vernet.
- c) Vedlikehald av bygningar, vegar og anlegg.
- d) Hogst i samsvar med reglane for hogst i vernskog.
- e) Vedlikehald av merka, eksisterande stiar og løyper. Forvalningsstyremakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stier og løyper når det av omsyn til førermålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsla i ein skilde område.
- f) Manøvrering av eksisterande regulerte innsjøar i tråd med konsesjonsvilkåra. Vedlikehald og tilsyn av konsesjonsgjevne kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker, dammar, radiolinkar og kraftlinjer herunder naudsynt auke i linetvertsnitt.
- g) Jakt etter viltlova sine reglar.
- h) Fiske etter lakse- og innlandsfiskelova.

1.3 Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det stirr mot føremålet med vernet, kan forvalningsstyremakta på nærmere vilkår gje løyve til:

- a) Oppattbygging av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade og oppattbygging av nedfalne bygningar som høyrer med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i stølsgrender. Eventuelle vilkår for og utforming av bygningane skal setjast i samråd med fylkeskonservatoren.
- b) Mindre tilbygg til eksisterande bygningar.
- c) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.

**2. Ferdsle (ikkje motorisert ferdsle)**


All ferdsle skal skje omsynsfullt og ta særleg omsyn til villreinen.

2.1 I sone A – Steinsbuskardet, er all ferdsle forbode heile året.

I sone B – Hisdal, er ferdsle forbode i tidsrommet f.o.m. 25. april t.o.m. 31. mai.

2.2 Forbodet i pkt. 2.1 er ikkje til hinder for:

- a) Forhold som er nemnd i pkt. 4.
- b) Ferdsle som følgjer veg og merka løype.
- c) Ferdsle som er naudsynt i samband med sinking og tilsyn av sau og for utbetring av skade på kraftanlegg.
- d) Naudsynt ferdsle i sone A i samband med tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg, sjå pkt 1.2.f, i samråd med forvalningsstyremakta.




- e) Naudsynt ferdsls for grunneigar for tilsyn av eigedomen sin.
- 2.3 Arrangørar av større organiserte arrangement, som idrettsarrangement, jaktprøver, store teltleirar og militærøvingar, må søke forvalningsstyresmakta om løyve til arrangementet.
- 2.4 Forvalningsstyresmakta kan gje unntak frå forbodet i pkt. 2.1 i særlege tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med vernet, sjå pkt. VI.
- 3. Motorisert ferdsls**
  - 3.1 Motorisert ferdsls på land er forbode.
  - 3.2 Lågtflyging under 300 m er forbode.
  - 3.3 Unnateke frå reglane i 3.1 og 3.2 er:
    - a) Motorferdsle på anleggsvegar i tråd med gjevne konsesjonsvilkår.
  - 3.4 Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til:
    - a) Luft og snøscootertransport som trengst i samband med:
      - jord- og beitebruk, t.d. frakting av gjerdeutstyr
      - frakt av ved eller hogstvirke
      - frakt av felt storvilt
      - kalking av vassdrag
    - b) Luft- og snøscootertransport som trengst ved tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg, sjå pkt. 1.2.f. Ved akutt behov for slik transport skal det sendast melding.
    - c) Luft- og snøscootertransport av materialer til hytter, klopper m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.
  - 3.5 All lufttransport etter punkt 3 skal meldast til oppsynet for transporten tek til.
- 4. Militær operativ verksemd og andre offentlege tiltak**

Vernereglane er ikkje til hinder for motorferdsle og for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns- og forvalningsverksemd. Øvingskjøring i samband med desse formåla krev særskild løyve.

## V FORVALTNINGSPLAN

Forvalningsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremja føremålet med vernet. Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningslinjer når det gjeld forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

## VI UNNATAK I SÆRSKILDE HØVE



Forvalningsstyresmakta kan gjera unnatak frå vernereglane i kap. IV når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for tiltak av vesentleg verdi for samfunnet og i særskilde tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

## VII INFORMASJON

Det kan setjast opp informasjonstavler.

## VIII FORVALTNINGSSTYRESMAKT


Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvalningsstyresmakt for biotopvernområdet.

## IX RÅDGJEVANDE UTVÅL

Det kan oppretta eit rådgjevande utval for forvaltninga av biotopvernområdet.

## X IKRAFTSETTING

Desse reglane trer i kraft straks.



Miljøverndepartementet

Miljøvernminister: Siri Bjerke

KRONPRINSREGENTENS  
RESOLUSJON

Ref.nr.:

Saksnr.:

Dato:

**KRONPRINSREGENTENS RESOLUSJON AV 28.04.2000 OM OPPRETTING AV SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE LANDSKAPSVERNOMRÅDE MED DYRELIVS-FREDNING I BYKLE, VALLE OG BYGLAND KOMMUNAR I AUST-AGDER FYLKE, ÅSERAL, HÆGEBOSTAD, KVINESDAL OG SIRDAL KOMMUNAR I VEST-AGDER FYLKE OG FORSAND KOMMUNE I ROGALAND FYLKE, OG STEINSBUSKARDET - HISDAL BIOTOPVERNOMRÅDE I BYKLE KOMMUNE I AUST-AGDER FYLKE.**

**Samandrag**

Miljøverndepartementet (MD) gjør med dette framlegg om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde med dyrelivsfredning etter naturvernloven og Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde etter viltloven. Framlegget samla går ut på å verne eit areal på til saman 2.386,6 km<sup>2</sup>, for å ta vare på eit storslått heiområde, med variert geologi og som utgjer den norske sørgrensa for mange særprega artar knytt til alpine område. Området er ein avgjerande del av leveområdet for Europas sørlegaste villreinstamme. Noreg har eit internasjonal ansvar for å ta vare på dei siste villreinstammene i Europa. Området representerer ein naturgeografisk region som er underrepresentert blant verneområda i Noreg.

Etter høyring av fleire alternativ med ulike verneformer, har ein kome fram til at landskapsvernområde i medhald av naturvernlova og biotopvernområde i medhald av viltlova er dei mest høvelege verneformene. Ein vil då kunne ta vare på dei viktige verneverdiane på ein god måte, samstundes som tradisjonell bruk av området kan halde fram. MD syner i den samanheng til fylkesdelplanen for det same området som er utarbeidd i eit samarbeid mellom Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder fylkeskommunar. Grensene for landskapsvernområdet og biotopverneområdet går fram av plankartet som ligg ved dette vernevedtaket. Verneområdet skal integrerast i fylkesdelplankartet slik at det klart går fram kva område som skal forvaltast etter plan- og hygningslova (PBL), og kva område som skal forvaltast etter naturvernlova. I fylkesdelplanen vedtok ein at området sør for Brokke-Suleskardvegen bør forvaltast etter PBL. Etter ei samla vurdering har Miljøverndepartementet kome fram til at dette området bør vere med innafor landskapsvernområde fordi området er av stor verdi for villreinstamma og anna dyreliv; at området omfattar det største av dei inngrepstilfelle områda (kvalifisert villmark) i området; at naudsynt sikring av området med dette får ein meir varig karakter og at ein ved landskapsvern-/dyrelivsfredningsinstituttet i større utstrekning kan iverksette naudsynte tiltak for å sikre villreinen sitt leveområde mot nye inngrep og trugsmål enn om området berre skulle vere omfatta av fylkesdelplanen.



Det skal gjennomførast eit forsøk med lokal forvaltning av verneområda ved at forvaltningsmynde skal kunne delegerast til dei åtte kommunane. Forsøket skal gå over 5 år, og det skal gjennomførast ei evaluering av forsøket. Dette er i samsvar med det Stortinget har bede om. Statens Naturopsyn (SNO) vil opprette tre oppsynsstillingar knytt til Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane. Det er til vurdering om Setesdal Austhei skal innngå i det primære oppsynsområdet. Det er sett av særskilde midlar til forvaltningsordninga/SNO på statsbudsjettet for år 2000.

### Innleiing


Framlegg om bruk og vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane blei første gong presentert i fjellplan for Setesdal Vesthei (NOU 1974:39). Framlegga om vern i fjellplanen vart tekne opp i ny landsplan for nasjonalparkar (NOU 1986:13) som tilrådde at den statseigde delen av Rjuven som eit minimum skulle bli foreslått som nasjonalpark og eventuelt supplert med landskapsvernområde. Ei planfagleg rådgjevingsgruppe la i 1986 fram ein rapport med framlegg til mål og retningsliner for areálbruken i heiområdet. Fleirtalet tilrådde skiping av ni verneområde, og at fylkeskommunane skulle utarbeide felles retningsliner for planlegging etter PBL for randområda. Hovudmålsetjinga for dei to plandokumenta er dei same, å forvalte fjellområdet på ein slik måte at ein tek vare på verdiar og naturressursar for kommande generasjonar. Det er eit overordna mål å forvalte villreinen og dei leveområda han treng slik at stamma overlever i livskraftig tilstand. Det er derfor avgjerande at dei to planane vert sett i samanheng, og at dei ulike forvaltningsnivåa følgjer opp om dei retningslinene som ligg i fylkesdelplanen og verneplanen på ein heilskapleg måte.

MD ba i 1989 fylkesmennene om å utarbeide eit framlegg til verneplan for heiområdet med heimel i naturvernlova og viltlova. På initiativ frå lokalt hold blei det parallelt sett i gong arbeid med ein fleirbruksplan som låg føre i 1994. Grunneigarane, aktuelle organisasjonar, Statskog, kommunane, fylkeslandbrukskontora, fylkesmennene og fylkeskommunane var med i arbeidet. Fleirtalet tilrådde bruk av naturvernlov og viltlov på areala nord for Brokke-Suleskardvegen. Eit mindretal gjekk inn for bruk av naturvernlova også sør for denne vegen ned til Hægebostad. Det var semje om nærmere retningsliner for bruk av areal som skulle forvaltas etter PBL.

*Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder* (St meld nr 62 (1991-92)) omhandlar mellom anna eit framlegg om vern av heiområdet. I brev 14. november 1994 ba MD fylkesmennene og fylkeskommunane i dei tre fylka om å formalisere fleirbruksplanen ved å utarbeide eit framlegg til verneplan etter naturvernlova og viltlova, og ein fylkesdelplan etter PBL. MD peikte på at verneplanen skulle ta utgangspunkt i mindretalet sitt framlegg til avgrensing, mens fylkesdelplanen skulle omfatte heile arealet i fleirbruksplanen.

### Verneverdiar

Føremålet med vernet er å ta vare på eit samanhengande naturområde med fjell, hei og fjellskog. Det er ein variert geologi og eit særmerkt plante- og dyreliv i området. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane er leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa. Området, både sør og nord for Brokke-Suleskardvegen, representerer ein avgjerande og svært sentral del av stamma sitt leveområde. Det er gode bestandar av einskilde truga og sårbare fuglearter i området, mellom anna jaktfalk og kongeørn. Det er eit viktig vernemotiv å sikre kjerneområda for desse artane.



Heiområdet har fleire samanhengande areal med inngrespsfrie naturområde meir enn 5 km frå større tekniske inngrep, mellom anna i Rjuvenområdet og i Valle/Byglandsheiane. I Knaberøysi i Vest-Agder ligg det sørlegaste av slike område i landet og det siste området av noko storleik av kvalifisert villmark i Vest-Agder. Dei to sistnemnde områda ligg sør for Brokke-Suleskardvegen.

Naturgeografisk representativitet er eit viktig kriterium ved oppretting av større verneområde i Noreg. Innafor underregion 35b (Setesdalsheiane) som utgjer hovuddelen av verneområdet, er det pr. i dag ikkje noko større, samanhengande verneområde. Sørgrensa for utbreiinga for plante- og dyreartar som er knytt til alpine område i Noreg, går i Knaberøysi. Område har difor nasjonal/naturfagleg interesse.

Kulturminne etter jakt, fiske, mineralutvinning, slått, beite og gamle vegfar finn ein spreitt over heile heiområdet.

#### Andre interesser

Heiområdet er i stor grad prega av og utforma gjennom årelang tradisjonell bruk. Det er i nysare tid kome mange store tekniske inngrep. Dei største fysiske inngrepa i området er gjorde i samband med fleire vasskraftverk med tilhøyrande magasin. Dei store magasina er halde utanfor verneområdet. Omlag 80% av kraftpotensialet i området er utbygd og nokre planlagde utbyggingar står att. Det går sju kraftlinjer gjennom området og nye store overføringslinjer er planlagde i ytterkantane. Det går to bilvegar gjennom området. I tillegg går det vegar inn til kraftanlegga.

Det finst restar etter nedlagd gruveverksemd og ein del hytter og gamle stølshus i området. Det er lokale ønske om etablering av nye landbruksvegar og ytterlegare hyttebygging.


Området vert i dag nytta i stor grad til husdyrbeite, særleg sau med ca 80-90 000 dyr på sommarbeite. Ingen setrer er i drift. Området ligg i all hovudsak over tregrens. Skogbruksinteresene er difor marginale, men noko plukkhogst og vedhogst er framleis aktuelt. Det er interesse for utvikling av bygdeturisme i området.

Heiområdet nyttast til ulike formar for friluftsliv som t.d. turlagsverksemd, jakt og fiske. Jakta er og viktig i næringssamanheng.

#### Trugsmål mot verneverdiene

Ytterlegare vassdragsregulering, bygging av nye kraftlinjer, frøtidshytter og vegbygging, inkl. landbruksvegar, auka ferdsle er dei mest alvorlege trugsmåla mot naturen og verneverdiene i heiområdet. Slike inngrep har allereie skipla heiområdet sine naturkvalitetar og difor også vilkåra for tradisjonell bruk.

Røynslene syner at kommunane har ueinsarta praktisering av motorferdslelova. Det er trøng for eit anna heimelsgrunnlag for å regulere den motoriserte ferdsla til eit omfang og på ein slik måte at forstyrring av villreinen i vinterbeiteområda og konflikten med andre brukarinteresser vert så liten som mogleg. Sjølv om ein i dag har ei avtale om opningsdato for vegen Brokke-Suleskard, er det trøng for å få ho formalisert i verneføresegna.



Dei rammene som verneplanen legg for bruken av området, skal sikre at bruken ikkje gjer skade på naturgrunnlaget på lang sikt. Desse rammene vil samstundes ivareta grunnlaget for den tradisjonelle bruken av området.

### Sakshandsaming

Framlegget til verneplan blei sendt på lokal høyring 24. oktober 1995, samstundes med eit framlegg til fylkesdelplan.

Fylkesmennene sine tilrådingar i saka blei sende til Direktoratet for naturforvaltning (DN) i oktober/november 1996. I tilrådingane har fylkesmennene på mange sentrale punkt etterkome fråsegnene som kom inn under den lokale høyringa. Særleg gjeld dette "verneform" (sjå s. 17 flg.) og forvaltningsmodell (sjå s. 31, flg.). Tilrådingane bygger på tre hovudprinsipp:

- 1) ei avgrensing av verneområde på naturfagleg grunnlag,
- 2) ikkje strengare vern enn naudsynt for å sikre verneverdiane og
- 3) ein forvaltningsmodell som bygger på prinsippa i PBL.

Før saka blei send ut på sentral høyring hadde DN møter med berørte kommunar, fylkeskommunar og fleire aktuelle organisasjonar i Agderfylka. På møta uttalte representantar frå fleire kommunar seg positivt til fylkesmennene si tilråding om verneform og forvaltningsmodell, men arealomfangen var det framleis usemje om, særleg spørsmålet om vern av områda sør for Brokke-Suleskardvegen.

DN sende saka ut på sentral høyring 20. mai 1997. I høyringsbrevet tilrådde DN fylkesmennene sitt framlegg til avgrensing og forvaltningsmodell, men held alle dei fire alternativa til verneform ope slik som under den lokale høyringa.

DN heldt eit nytt møte med lokale aktørar etter at den sentrale høyringa for å orientere om DN si tilråding til MD.

MD sendte fylkesdelplanen på interdepartemental høyring like etter den sentrale høyringa av verneplanen. I den avsluttande handsaminga i departementet har dei to planane vore vurdert i samanheng, før saka no blir lagt fram til endeleg vedtak.

### Sentrale endringar i verneframlegget i løpet av verneplanprosessen

#### **Forvaltning**

I framlegget til verneplan som blei sendt ut på lokal høyring blei det gjort framlegg om at fylkesmennene skulle vere forvaltningsstyresmakt for verneområdet. I si tilråding til DN gjekk likevel fylkesmennene langt på veg inn for ein kommunal forvaltningsmodell på nærmare vilkår. På initiativ frå fylkesmennene i Agderfylka vart det sett ned eit forvaltningsplanutval med representantar frå landbruksorganisasjonane, Statskog, kommunane, fylkeskommunane og fylkesmennene. Utvalet har utarbeidd eit framlegg til ulike forvaltningsmodellar med spesiell fokus på lokal medbestemming og skisse til organisering og innhald i den framtidige forvaltningsplanen. Utvalet la i 1998 fram to rapportar med følgjande tilråding:

- det skal utprøvast ein lokal forvaltningsmodell med all forvaltningsmynde delegert til kommunane i ein prøveperiode på fem år,
- det skal gjennomførast ein evaluering av delegeringsforsøket

- det skal oppretta eit rådgjevande heiråd
- det skal utarbeidast ein forvaltningsplan som skal ligge føre før forvaltningsmynde blir delegert til kommunane.

DN vil uttale at dei to rapportane representerer eit fagleg godt utgangspunkt for og vil danne grunnlaget for organiseringa av forvaltinga av verneområdet og arbeide med utforming av forvaltningsplanen. Ein syner til nærmare omtale, sjå s 31 flg.

#### Avgrensing og verneform

Framlegget til verneplan som blei sendt på lokal høyring, omfatta eit areal på 2503 km<sup>2</sup>. Det vart fremja fire ulike alternativ til verneform, kor landskapsvernområde og nasjonalpark etter naturvernlova og biotopvern etter viltlova var kombinert i ulike variantar. Etter den lokale høyringa tilrådde fylkesmennene å redusere arealet til 2386 km<sup>2</sup> ved m.a. å ta ut mesteparten av dei produktive skogareaala. Fylkesmennene gjekk inn for at alternativet med eit stort landskapsvernområde skulle førast vidare.

DN støtter fylkesmennene si tilråding om eit redusert verneareal. DN tilrår vidare landskapsvernområde på det vesentlegaste av arealet, men med eit mindre biotopvernområde i området rundt Steinsbuskardet. Trass i store naturinngrep i samband med kraftutbygging har dette området framleis stor verdi for viltet, spesielt villrein.


#### Forskrifter

DN understrekar at verneforskriftene er utforma slik at lokalsamfunna sin tradisjonelle bruk skal kunne halde fram som før, samstundes som ein skal sikra området mot nye store naturinngrep til skade for verneverdiane.

DN har gjort ein del strukturelle endringar og lagt inn nokre presiseringar i forskriftene. Når det gjeld det materielle innhaldet i forskriftene, går DN, på grunnlag av høyringsfråsegna, inn for følgjande endringar for å imøtekome brukarinteressene:

#### Forskrifta for landskapsvernområdet

- Motorferdsle: Lågtflyging blir berre forbode i område avmerkt på kartet som kalvingsområde eller trekksoner for villrein. Motorferdslelova skal framleis vere gjeldande for motorisert ferdsle på vatn. Det er gjort framlegg om nokre justeringar i forskriftena for å imøtekome trøngen for køyring til eksisterande kraftanlegg. I samband med henting av felt stort vilt er det opna for landing på/ved Storevatn i tillegg til dei andre vatna som er nemnt i høyringsframlegget.
- Ferdsle: I ferdslereguleringssonene har det m.a. vore unntak for ferdsle i samband med sinking og tilsyn av sau. Sidan det i følgje Fylkesmannen i Aust-Agder ikkje blir sleppt sau i området før ferdsleforbodstida er over 31. mai, finn DN det ikkje naudsynt å ha med dette unntaket i forskriftena. Forskriftena skal heller ikkje vere til hinder for naudsynt ferdsle innafor desse sonene for grunneigar for tilsyn av eigedomen sin.
- Hogst: For utøving av hogst ser DN det ikkje naudsynt å ha spesifiserte reglar i forskriftena, men at det vil vere tilstrekkeleg å vise til reglane for hogst i vernskog.
- Landbruksdrift: Det er gjort ei endring av omgrepene »landbruksdrift som på vernetidspunktet» til »tradisjonell landbruksdrift». Ein vil kome nærmare attende til kva ein meiner med »tradisjonell landbruksdrift» i forvaltningsplanen.



- Bygningar: Det opnast for at nedfalne bygningar med og utan eldstad, kan byggjast opp att dersom dei høyrer med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i stølsgrender.
- Vegar: Vegen til Lysebotn er lite trafikkert i vinterhalvåret og DN ser ikkje trong for å regulere køyring på vegen når snøtilhøva likevel tillet det. DN legg til grunn at forvalningsstyresmakta for verneområdet og vegvesenet kjem fram til ei avtale om brøyting av vegen.

For Brokke-Suleskardvegen blei det 12. april 1999 heldt eit møte mellom berørte kommunar, fylkesmenn og vegvesenet m fl kor dei kom fram til ei ny avtale om opningstider. Den nye avtala tek utgangspunkt i noverande datoar for opning/stenging som ei »kjerne-tid». I tillegg opnast det for at det på bestemte vilkår skal kunne gjevast dispensasjon for opning/ stenging innan ei »fleksitetid» på inntil 10 dagar før og etter 20. mai, og 15 dagar før og etter 1. november. I forskrifa visast det til denne avtala.

#### Forskrifta for biotopvernombordet

- Det er gjort nokre redaksjonelle tilpassingar av forskrifa. Restriksjonsnivået er lagt så likt forskrifa for landskapsvernombordet som mogleg for å gjere den praktiske forvaltninga enklare. Den største skilnaden på dei to forskriftene er at ferdsleforbodet i sona »Steinsbuskardet» ikkje er tidsavgrensa, men gjeld heile året.

Miljøverndepartementet har registrert at det frå fleire hald har vore peikt på at verneforskrifta for dei ulike verneområda i regionen må samordnast slik at dei bli mest mogleg likt utforma. Dette har ein lagt til grunn så langt råd er, men vurdert i høve til føremålet med vernet av dei ulike verneområda og av omsyn til at verneverdiar og brukerinteresser må verneforskrifta bli noko ulik for dei einskilde områda. Ein syner elles til DN sin merknad s. 8/9.


Departementet vil vidare peike på at det skal utarbeidast ein forvaltningsplan for heile området. Mange av dei spørsmål og innvendingar som er tekne opp i høyringa, vil ein kunne løyse i denne planen innafor ramma av verneføremål og forskrifter. I forvaltningsplanen skal ein m.a. legge til grunn sonering av verneområdet med tanke på å få til ein differensiert forvaltning av området og dermed gje forvalningsstyresmakta eit rimeleg og naudsynt forvaltningsrom for si utøving av mynde. Der brukar- og næringsinteressene er sterke - i randområda mot fylkesdelplanområdet og der verneinteressene kan klare det, kan det opnast for ein meir liberal dispensasjonspraksis mens i dei sentrale og/eller sårbare områda der verneinteressene er sterke og brukerinteressene mindre vesentlege, skal dispensasjonspraksis vere strengare. Det er kommunane som skal utarbeide forvaltningsplan (som skal godkjennast av DN). Det vil og ligge stort forvaltningsmessig handlingsrom for kommunane når ein ser heile fylkesdelplanområdet under eitt.

#### Økonomiske og administrative konsekvensar

Forvaltninga av verneområda leggast til den DN bestemmer. DN syner her til at det skal gjennomførast eit prøveprosjekt med lokal forvaltningsmodell. Utgifter til erstatning, vern og forvaltning av området blir dekka innafor eksisterande budsjettrammer.

#### Merknader

Totalt fekk ca 500 instansar saka på høyring. Det kom inn om lag 120 fråsegner, mange av dei frå fleire organisasjonar eller grunneigarar samla. I dette samandraget er uttalene tematisert og forkorta. Kommentarar som ikkje har noko å seie for sjølve vernevedtaket, er ikkje referert.



Dette gjeld m a innspel som vil bli vurdert i forvaltningsplanen eller kommentarer til område som ligg utanfor verneframlegget. Nokre instansar har og kome med innspel etter at høyringane var avslutta. Det er organisasjonar og kommunar som tek opp att krav frå tidlegare høyringar og som ynskjer å kommentere DN si tilråding når det gjeld verneform og forvaltningsmodell.

Forutan berørte grunneigarar, rettigkeitshavarar, kommunar, fylkesinstansar, organisasjonar på grende-, kommune- og fylkesnivå, samt departement med underliggjande etatar, fekk følgjande instansar planen til uttale:


Ulike museer, vilt- og innlandsfiskenemnder, villreinnemnder, Villreinrådet i Norge, Statskog Sør- og Vestlandet, Statskog SF, Statens Naturforvalningsråd, Statens Kulturminneråd, Norges Fjellstyresamband (NFS), Norsk Allmenningsforbund, Utmarskommunenes sammenslutning (USS), Norskog, Norges Bonde- og Småbrukarlag, Norges Bondelag (NB), Norges Skogeierforbund (NSF), Prosessindustriens landsforbund, Energiforsyningens fellesorganisasjon, Norges Naturvernforbund (NNV), Natur og Ungdom, Den Norske Turistforening (DNT), Den Norske Turistforenings Ungdom, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF), Kulturminnevernets Fellesorganisasjon, Fortidsminneforeningen, Norsk Biologiforening, Norsk Botanisk Forening, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitoligisk Forening, Norsk Zoologisk Forening, Norsk Limnologforening, Foreningen våre rovdyr, Verdens Naturfond, Friluftslivets Fellesorganisasjon (FRIFO), Friluftsrådenes Landsforbund, Fremtiden i våre hender, Greenpeace Norge, Bellona, Norges Miljøvernforbund, Norges Velforbund, Selskapet for Norges Vel, Norges Geologiske Undersøkelser (NGU), Norsk Geologiråd, Norges Idrettsforbund, Norsk institutt for skogforskning, JORDFORSK, Norsk institutt for vannforskning, Norsk institutt for naturforskning-Norsk institutt for kulturminneforskning, Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, Norges Landbrukshøgskole og alle flyselskapa.

Følgjande sentrale instansar uttalar at dei ikkje har merknader til verneframlegget; Kommunal- og Arbeidsdepartementet, Jernbaneverket, Statens kartverk, Telenor og Norsk institutt for skogforskning.

#### Krav om konsekvensutgreiing

Kommunane Bygland, Valle, Bykle, Hægebostad, Kvinesdal og Åseral, Fylkeslandbruksstyret i Aust-Agder, Grunneigarar på Uppstad, 18 grunneigarar i Bygland, Grunneigarsamskipnaden for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane (GSR), Eiken Bondelag, Hægebostad Bondelag, Hægebostad Skogeigarlag, Hekkfjellet grunneigarlag, Valle Bondelag, -Skogeigarlag og -Saualslag, Aust-Agder Bonde- og Småbrukarlag, Bygland Bonde- og Småbrukarlag, 4 Skogeigarlag i Bygland, Åseral Skogeigarlag; Åseral Sauaavslag, Åsetal Bondelag, Grunneigarsamskipnaden i Åseral, NB, NSF, Nærings- og handelsdepartementet, Bergvesenet og Prosesindustriens landsforening krev at det vert laga eige konsekvensutgreiing før vedtak om vern. Det er konsekvensane for samfunn, primærnæring, bygdeutvikling og reiseliv dei ønskte å få ytterlegare utgreidd.

DN visar til at kravet om konsekvensutgreiing blei handsama etter den førebels forskrifa med retningsliner for konsekvensutgreiing for store vernetiltak av 20. april 1994. MD avslo kravet då eksisterande næringsverksemid i området skulle kunne halde fram etter vernevedtaket og såleis ikkje føre til vesentlege endringar av eksisterande bruk av området. Det er i departe-



mentet sitt vedtak synt til at det var samla inn ei stor mengde bakgrunnsmateriale gjennom fleirbruksplanarbeidet og at det dermed ikkje var naudsint med ei eige konsekvensutgreiing ut over dei vurderingane som likevel skulle gjerast som del av den ordinære planprosessen.

MD sluttar seg til DN sine merknader.

#### Krav om handsaming av Stortinget

Kommunane Bygland, Valle, Bykle, Åseral og Hægebostad, Fylkestinget i Vest-Agder, Aust-Agder fylkeskommune, Fylkeslandbruksstyret i Vest-Agder, GSR, Eiken Bondelag, Hægebostad Bondelag, Hægebostad Skogeigarlag, Hekkfjellet grunneigarlag, Agder Skogeigarlag, Kvinesdal Skogeigarlag, Kvinesdal Bondelag, Kvinesdal Bonde- og Småbrukarlag, Kvinesdal Sauavslag, Fjotland Sauavslag, Tonstad Bondelag og -Skogeigarlag, Valle Bondelag, Skogeigarlag og - Saualslag, NB v/Agderkontoret, Bjerkeim Bondelag, Aust-Agder Bonde- og Småbrukarlag, Bygland Bonde- og Småbrukarlag, 4 skogeigarlag i Bygland, Åseral Skogeigarlag, Åseral Sauavslag, Åseral Bondelag og Grunneigarsamskipnaden i Åseral meiner at denne saka er så stor at planen ikkje berre kan avgjerast ved ein kongeleg resolusjon, men at den vert handsama av Stortinget slik at folkevalde tek den endelege avgjerda.

MD vil uttale: Dette spørsmålet blei drøfta av Stortinget på bakgrunn av Dok. nr. 8:92 (1995-96) sjå Innst S nr 92 (1996-97). Kravet om stortingshandsaming av verneplanen blei avvist, men komiteen peika i innstillinga på at verneplanprosessen burde skje på ein god og smidig måte, slik at ein sikra eit framtidig konstruktivt samarbeid med kommunar, fylkeskommunar og interesser i området. MD meiner at miljøstyresmakta så langt råd er har lagt vekt på fråsegnene frå høyringsinstansane ved utforminga av verneframlegg. Sjølv om ein ikkje har tatt omsyn til tilrådinga i fylkesdelplanen med tanke på arealavgrensinga av verneplanområdet sør for Brokke-Suleskardvegen, har departementet kome brukarinteressene i møte på fleire viktige områder, sjå omtale under "Sentrale endringar i verneframlegget i løpet av verneplanprosessen", s. 4 flg.


#### Krav om samordning av verneplanane i heiområdet

GSR og Agder Skogeigarlag krev samordning av verneplanane i heiområdet.

Setesdal-Ryfylke Villreinnemnd og Setesdal Austhei Villreinnemnd peikar på at det er sprik mellom vernereglane for eksisterande landskapsvernområde i Rogaland og framlegget til regelverk for tilsvarande område på Agdersida.

Fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder ser det som uheldig om det vert ulike forvaltningsmellar og ulike verneforskrifter innafor heiområdet. Fylkesmennene vil likevel peike på at tre fylkesmenn, tre fylkeskommunar og 12 kommunar har vore involvert i planarbeidet. Partane har lagt vekt på ei best mogleg samordning av planarbeidet.

DN syner til at det allereie finst fleire større verneområde i distriktet m a landskapsvernområda Vormedalsheia, Lusaheia og Dyraheio. DN er samd i at område som har like verneverdiar, brukarinteresser og inngrep, bør ha samsvarande forskrifter. Dette er lagt til grunn når forskrifa for dei nye verneområda er utforma. Det er samstundes viktig at lokale variasjonar og ulike behov vert fanga opp og tatt omsyn til når ein skal laga forskrift for det einskilde område. Ser ein på dei mange verneområda i det totale heiområdet (eksisterande og framlegg om nye) finn ein skilnad i bruk, grader av inngrep og verneføremål. Dette finn ein att i dei varia-



sjonar som er i verneforskriftene for dei ulike områda. For Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane er det etter høyringane gjort fleire endringar av forskrifa for å imøtekome dei uttalene som er kome inn. Endringane er gjort for å gjere forskrifa best mogleg tilpassa dei lokale tilhøva.

MD sluttar seg til DN sine merknader.

#### Krav om ny høying

NB, NSF og Landbruksdepartementet (LD) ber om å få tilsendt verneframlegget på ny høying etter at »forvaltningsplanutvalet» har kome med si innstilling og DN si tilråding om verneform og forvaltningsmodell ligg føre.

DN har etter den sentrale høyringa motteke brev frå NB og NSF som slutter seg til »forvaltningsplanutvalet» sitt framlegg. DN har i møter med Landbruksdepartementet fått avklart merknadene i LD sitt høyringsbrev.

MD sluttar seg til DN sine merknader.

#### Planprosessen/verneplandokumentet

Kommunane Bygland, Valle, Bykle, Kvinesdal og Fylkeslandbruksstyret i Aust-Agder uttalar at det er uheldig at fylkesmannen og fylkeskommunen har fjerna seg frå dei kompromissa som vart gjort under utarbeiding av fleirbruksplanen. Det hadde vore ønskjeleg med ein langt meir open planprosess for sluttpunkta enn det som har vore tilfelle for desse to planane (verneplan og fylkesdelplan).


Kommunane i Aust-Agder er tvilande til om planprosessen er i samsvar med dei aktuelle lovene for planlegging. Desse kommunane vil ha retten til å ta opp att denne saka etter ei juridisk vurdering av planprosessen og forvaltningsreglar.

GSR og Agder skogeigarlag meiner framlegget til verneplan representerer ein sektorplan avgrensa til regionale verneinteresser der andre aktørar og interesser både lokalt, regionalt og nasjonalt ikkje er tekne på alvor i prosess eller plan. Dei meiner vidare at verneplanane ikkje er del av den fullmakt Stortinget gav regjeringa ved handsaming av nasjonalparkplanen. Vil-kåra sett av departementet i 1988/89 som grunnlag for vidareføring og instruksar og råd gjeve av Stortinget om lovbruk, forvaltning og planprosess, er ikkje følgde.

NB v/Agderkontoret uttalar at planframlegget må avvisast. Dei meiner framlegget i omfang går langt ut over Stortinget sine føresetnader frå 1993, då meldinga om nasjonalparkar blei handsama.

Vest-Agder Energiverk og I/S Øvre Otra påpeikar manglande omtale og omsyn til Samla Plan-prosjekta som ligg i planområdet.

Bergvesenet og Prosessindustriens Landsforening (PIL) meiner dei geologiske tilhøva er mangelfullt omtala ved at berre dei kvartærgeologiske tilhøva er tillagt vekt. I randområda og dels innafor området har det vore omfattande drift etter molybden i Knaben-Kvina feltet (1875-1973). Førekomstane av kopar og molybden ved Dyreheii er ikkje nemnd. I Knaben gruvefelt ligg det reservar som kan vere aktuelle å drive ut ein gong i framtida, dersom marknaden og produksjonsmessige tilhøve blir endra. Bergartsdraget strekker seg innover i området for verneframlegget. Etter Bergvesenet og PIL sitt syn bør grenser og forskrifter justerast i høve til dei kjente mineralske råstoffa innan området, før eit eventuelt vern blir vedteke.



NGU meiner dei kvartærgeologiske og berggrunnsgeologiske verneverdiane burde ha vore meir presisert i verneframlegget. Kombinasjonen av golde bergarter og mangel på lausmassar gjer området syd for Heddevatn - St. Urdevatn geologisk eineståande i Sør-Noreg.

Fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder påpeikar at alle partar har fått høve til å påverke prosessen og legge fram sitt syn på verneframlegga gjennom synfaringar, møter, arbeidet med fleirbruksplanen og høyringsfråsegner.


Det framgår m.a. i dokumentet frå forprosjektet til fleirbruksplan at vern skal inngå som ein av tre hovudmålsetjingar. Vidare står det at *arbeidet med eit verneframlegg for «kjerneområdet» må inngå som ein integrert del av fleirbruksplan*. Fleirbruksplanen hadde to framlegg til arealomfang for bruk av naturvernlova. Verneframlegget følgjer opp det mest omfattande av desse. Lov bruk og arealomfang i verneframlegget er utforma for å oppfylle måla i fleirbruksplanen. Ikkje alle har fått gjennomslag for sitt syn gjennom planprosessen. Fylkesmennene kan ikkje sjå at dette skuldast at partane ikkje har hatt høve til medverknad i planprosessen. Mange interesser er kryssande, og det er ikkje alltid mogleg å finne løysingar som tilgodeser alle interesser fullt ut.

Fleire av grunneigarorganisasjonane går lenger i sin kritikk av planprosessen og meiner verneplanen bryt med nasjonale vedtak, og vil difor ha ny planhandsaming. Fylkesmennene syner til at MD i sitt brev av 14. november 1994 til Vest-Agder fylkeskommune gjer greie for korleis fleirbruksplanen skal vidareførast gjennom ein fylkesdelplan og ein verneplan. I brevet framgår det korleis eit høyringsframlegg til verneområde skal avgrensast. Fylkesmennene meiner å ha følgt opp dei retningslinjer som har kome frå DN og MD når det gjeld arbeid med saka og avviser kravet om ein ny planprosess.

DN viser til avsnitta om forskriftene og arealomfang seinare i kapitelet når det gjeld tilhøvet til Samla Plan for vassdrag.

DN ser at bergverksdrift og dei geologiske tilhøva kunne ha vore fyldigare omtalt i høyringsframlegget. Ei ny drift etter mineralske råstoff innafor verneområdet vil likevel ikkje vere forenleg med verneføremålet. Skulle denne problemstillinga bli aktuell ein gong i framtida, må ein endra grensene for verneområdet dersom ein finn at næringsinteressene vil vere så store at verneinteressene må vike. Ut frå situasjonen i dag er dette ikkje aktuelt.

MD vil uttale: Det er frå næringsorganisasjonane reist tvil om fylkesmannen sitt arbeid med verneplanen har vore innafor rammer vedtekne av Storting og Regjering. Departementet vil her uttale at definere vernesaka har gått over éin rekke år og har mange milestolpar. Det har gjennom ulike plandokument vore presentert ulike verneframlegg både med omsyn til arealstorleik og bruk av planverktøy. I brev av 9 mars 1989 gav Miljøverndepartementet fylkesmennene i oppdrag å starte opp verneplanarbeidet for kjerneområda i Setesdal Vesthei og "som Rjuvenområdet er en del av". Naturvernlova skulle vere virkemiddel. Kva verneform(er) som kunne vere aktuelle eller storleiken på areala som skulle vurderast, blei ikkje nemnd i oppdraget. Samstundes skulle fylkeskommunane i dei tre fylka utarbeide retningsliner for planlegging i randsona etter PBL. I St. meld. nr. 62 for 1991-92 blei det vist til dette oppdraget. Setesdal Vesthei (Rjuven) blei ikkje nemnd under Stortinget si handsaming av nasjonalparkplanen. Stortinget vedtok heller ikkje noko arealramme for nasjonalparkplanen. I brev 14,



november 1994 ba Miljøverndepartementet fylkesmennene og fylkeskommunane om å formalisere fleirbruksplanen, sjå s.2 foran, ved å utarbeide eit framlegg til verneplan etter naturvernlova og viltlova, og ein fylkesdelplan etter PBL. Oppdraget til fylkesmennene gjaldt verneplanarbeidet, og det ble m.a. uttalt:

”Verneforslaget forutsettes sendt ut på høring våren 1995. Høringsutkastet skal arealmessig avgrenses på naturfaglig grunnlag, slik at en får hørt et alternativ som omfatter alle verneintereslene. Det er da viktig å få med seg nødvendige områder sør for Brokke-Suleskardvegen, p.g.a. vinterbeite for reinen. Spørsmålet om verneform og bestemmelser vil inngå som en del av høringen. For det mest sentrale området rundt Rjuven kan det være aktuelt med nasjonalpark. Hele forslaget vil berøre både Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland.”

Stortinget har seinare i samband med handsaminga av eit framlegg om at verneplanen for Setesdal Vesthei burde leggjast fram for Stortinget, uttalt at

”naturfaglige kriterier må legges til grunn for utforminga av verneplanen (...)", sjå Innst. S. nr 92 (1996-97), side 3.

Når eit framlegg skal utformast, vil ein legge til grunn dei verneverdiar ein ønskjer å sikre. Den seinare sakshandsaminga vil avdekkje andre samfunnsinteresser som måtte vere til stades i området og på kva måte desse skal takast vare på. Dette kan finne stad anten ved at ein reduserer vernearealet, endrar verneform og/eller justerer framlegget til verneforskrift. Ein slik behandlingsmåte forutsetter i praksis at ein i utgangspunktet sender ut på høring eit omfattande handsamingsframlegg der alle verneinteressene inngår. Dermed vil ein unngå å kome i ein situasjon der områder med verneverdi som ikkje er med på høyringa, eventuelt måtte høyrast på nytt dersom den første høyringa syner at desse områda bør vere med i den vidare planprosess.


Sett på denne bakgrunn har fylkesmennene i sitt arbeid følgt dei anvisninger og pålegg som departementet har gjeve. Departementet meiner at fylkesmennene sitt arbeid ikkje er i strid med dei rammer som er gjevne av Storting og Regjering for arbeidet vidare med nasjonalparkplanen generelt eller verneplanen for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane spesielt.

Departementet sluttar seg elles til fylkesmennene og DN sine merknader.

#### Arealomfang

Rogaland fylkeskommune, Villreinnemndene i Setesdal-Ryfylke og i Setesdal Austhei, Hjel-meland kommune, Suldal kommune, Statskog Sør- og Vestlandet, Arkeologisk museum i Stavanger, Agder naturmuseum og botaniske hage, Hjel-meland vilt- og innlandsfiskenemnd, Lyse sameige, Naturvernforbundet i Vest-Agder, Stavanger Turistforening, Natur og Ungdom, Den Norske Turistforenings Ungdom, Norsk Ornitoligk Forening avd. Vest-Agder, NOF Lista lokallag, Norsk Zoologisk Forening, Norsk Biologforening, DNT, Friluftsrådenes Landsforbund, FRIFO og Kulturvernets Fellesorganisasjon syner til dei store verneverdiane og tilrår vern av heile planområdet.

Alle kommunar i Agderfylka, Gjesdal kommune, Fylkeslandbruksstyret i Aust-Agder, Bjerkr-eim Bondelag meiner vernet bør avgrensast etter fleirbruksplanen sitt fleirtalsframlegg, nord for Brokke-Suleskardvegen.



Kommunane Valle, Bygland og Bykle krev at heimeheia og andre områder som vert nytta, og som i framtida kan nyttast i den ordinære gardsdrifta slik som støylsområde, område for uttak av ved og tømmer, må takast ut av verneområda, og styrast lokalt etter PBL.

Åseral kommune meiner at ein ved bruk av PBL kombinert med rikspolitiske føresegner og kommuneplan/reguleringsplan, kan oppnå eit like strengt vern som ved bruk av naturvernlova/viltlova. PBL gjev større grunnlag for heilhetstenking og lokal medverknad i planprosess og styring av areala. Rikspolitiske retningsliner vil binda kommunane i planlegginga. Forsand kommune ser ikkje på verneframlegg som konfliktfylt, men gjer framlegg om at grensa nedst i Lysedalen blir retta ut og flytta noko mot aust.

Hægebostad kommune påpeikar at det er laga nye skogsbil- og traktorvegar inn mot det sørlegaste urøyrd området og at det går ei kraftline, som rett nok skal fjernast, gjennom søndre del av det same området. Ut frå desse inngrepa har kommunen rekna ut at det berre er att 7 km<sup>2</sup> kvalifisert villmark her. Dei tilrar difor at den sørlege grensa for planområde skal følgje Brokke-Suleskardvegen.

Vest-Agder Fylkeskommune og Aust-Agder fylkeskommune meiner vesentlege deler av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane må gjevast eit vern som ivaretak interessene for Europa sin sørlegaste villreinstamme. Vernet må avgrensast til området nord for Brokke-Suleskardvegen. Dersom det er naudsynt for å få tilstrekkeleg styring av ferdsla i området, kan landskapsvern-område også oppretta på sørsida av vegen. Dette gjeld berre dei delane av området sør for vegen der store villreininteresser er dokumenterte.

Fylkeskonservatoren i Vest-Agder kan akseptere at PBL nyttast i heirområdet Knaberøysi der som § 81 i lova blir praktisert strengt. Fylkeskonservator ber om å få alle dispensasjonssaker til uttale. Eit vern i medhald av naturvernlova gir heirområdet eit meir heilskapleg vern, spesielt med tanke på at ein her vernar eit samanhengande kulturlandskap på tvers av fylkes- og kommunegrenser.

Fylkeslandbruksstyret i Vest-Agder går inn for at PBL leggast til grunn for den delen av heile planområdet som ligg i Vest-Agder med unntak av områder i Sirdal eigd av staten. Det må leggast vekt på å unngå inngrep/utbygging attmed Brokke-Suleskardvegen ved at naturvernlova/viltlova blir nytta eit stykke sør for vegen.


Fylkeslandbruksstyret i Rogaland og Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Rogaland reknar med at det må vere mogleg å gjera små grensejusteringer i samråd med kommunane for å få ei god tilpassing.

Setesdal-Ryfylke villreinnemnd peiker på trangen for å sikre ein samanhang mellom dette området og verneområda i Rogaland og Hardangervidda villreinområde.

GSR meiner at arealomfanget ikkje er i samsvar med Statens Naturvernråd sitt råd (NOU 1986:13). Ut frå krava om naturgeografisk representativitet, "urørt natur", vern av plante- og dyreliv, friluftsliv og kulturminner kan GSR akseptere at det i heirområdet totalt sett blir oppretta landskapsvernombord i Rjerve og Frafjordheiané.

15 bruk under gardane Tjørhom og Sinnes, grunneigarar på Uppstad, grunneigarar på vestsida av Valle kommune fra Bø til Nomeland og dei fleste enkeltvise grunneigarane som har uttal seg, ser trangen for vern av heile heirområdet for å sikre reinen sitt leveområde, men meiner vernet bør avgrensast til det som er naudsynt ut frå ei naturfagleg vurdering. Eit vilkår er likevel at heimeheia som er viktige for landbruket, blir halde utanfor verneområdet.

Ein grunneigar går mot at hans eigedom som blei teke ut av Hovden landskapsvernombord i 1986 no er teke med att i det nye framlegget. Han meiner at opplysningane om at det er trekkroute for rein over dette området er feil. Eit vern vil ta frå han høve til å utnytte eigedomen til turisme gjennom utleigehytter.



Rogaland Bondelag går inn for vern nord for Brokke-Suleskardvegen og aust for Lyseheiane. Sekundært står laget Forsand kommune sitt framlegg til grenseendring.

Aust-Agder Bonde- og Småbrukarlag, Bygland Bonde- og Småbrukarlag og 4 skogeigarlag i Bygland går inn for at vern etter naturvernlova blir avgrensa til Rjuvenområdet.

Åseral Skogeigarlag, Åseral Saueavslag, Åseral Bondelag, Grunneigarsamskipnaden i Åseral, Øvre Sirdal Saueavslag, Øvre Sirdal Bondelag, Kvinesdal Saueavslag, Kvinesdal Skogeigarlag, Kvinesdal Bondelag, Kvinesdal Bonde- og Småbrukarlag, Fjotland Saueavslag, Eiken Bondelag, Hægebostad Bondelag, Hægebostad Skogeigarlag, Hekkfjellet Grunneigarlag og NB v/Agderkontoret går inn for at områdevern etter naturvernlova avgrensast til Frafjordheiane og Rjuvenområdet.

Vest-Agder Bonde- og Småbrukarlag, Sirdal Bonde- og Småbrukarlag, Hjelmeland Bonde- og Småbrukarlag, Rogaland Bonde- og Småbrukarlag, Forsand Bonde- og Småbrukarlag og Gjesdal Bondelag ser ikkje trangen for vern etter naturvernlova og meiner PBL med streng praktisering er tilstrekkeleg.

NB og NSF meiner fylkesmennene ikkje har teke tilstrekkeleg omsyn til dei lokale partar sine fråsegner i saka, og krev at DN på nytt ser på den naturfaglege grunngjevinga for val av arealomfang.

USS set spørsmålsteikn ved det naturfaglege grunnlaget for det arealomfang som er foreslått verna. Særleg gjeld dette dei søndre delane av området.

LD går inn for vern av heile det området som var på lokal høyring nord for Brokke-Suleskardvegen. Når det gjeld vern sør for Brokke-Suleskardvegen syner LD til fylkeslandbruksstyret si fråsegn, og meiner at såkalla «kvalifisert villmark» ikkje kan vere grunnlag for vern.

NGU kan ikkje sjå at det er store interesser knytta til uttak av fjell eller lausmassar som byggeråstoff innan området, og støtter difor verneframlegget.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) meiner at framlegget til vernegrense attmed Nåvatn, kan skape problem for ei eventuell gjennomføring av kraftutbygging i området. Dette må det takast omsyn til ved justering av vernegrensa.

Lyse kraftverk meiner grensa bør justerast ved Andersvatn slik at eksisterande kraftinstallasjonar kjem utanfor verneområdet.

Kristiansand og Opplands Turistforening meiner at vern av heile verneplanområdet vil vere det mest hensiktsmessige. Det må likevel leggast stor vekt på kommunane i Setesdal sine merknader. Dette tyder at området nord for Brokke-Suleskardvegen blir forvalta etter naturvernlova og viltlova, medan PBL blir nytta sør for vegen.

Norsk Botanisk Forening, Naturvernforbundet i Rogaland og Rogaland Jeger- og Fiskerforbund går inn for vern av heile området og gjer framlegg om ei utviding av verneframlegget i Rogaland.

NNV meiner det av omsyn til m a villreinen sitt vinterbeiteområde er særleg viktig at området sør for Brokke-Suleskardvegen blir verna etter naturvernloven. Ein gjør framlegg om utviding av verneområdet mellom Lyseheiane og Lusaheia, og eit mindre område i Sirdal.

NJFF seier seg lei for at den delen av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane som ligg i Telemark fylke og som bind området saman med Hardangervidda, ikkje er med i verneplanen. Forbundet meiner at eit vern sør for Brokke-Suleskardvegen er ein føresetnad for å sikre villreinstamma. Den tettaste bestand av kongeørn i Noreg held til i dette området. Forbundet fryktar uheldig utbygging attmed Brokke-Suleskardvegen dersom denne strekninga berre skal forvaltas etter PBL.



Fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder uttalar at dei i tråd med MD sitt brev av 14. november 1994, tok utgangspunkt i fleirbruksplanen sitt mindretalsframlegg når verneframlegget skulle utformast. Høyringsframlegget skulle avgrensast på naturfagleg grunnlag, slik at ein fekk inn uttale til eit alternativ som omfattar alle verneinteressene. MD peikte på at det mellom anna ville være viktig å få med seg område sør for Brokke-Suleskardvegen under høyringa, grunna vinterbeite for villreinen.

Villreinstamma i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane møter frå naturen si side store utfordringar i kampen for å overleve. Dette skuldast særleg to tilhøve: Det er lite lav i vinterbeita og vinterbeita er ofte vanskeleg tilgjengelege. Det oseaniske klimaet gir årvisst store snøbørsmengder og vintertemperaturen veksler mellom mildt og kaldt. Beita isar difor ofte ned, og reinen har problem med å få tak i det vesle som finst av lav.


Då tilgangen på tradisjonelle vinterbeite er ustabile i heirområdet, trekker reinen årvisst til ytterkantane. Her beitar han på lav som veks på trea og det han måtte finne av andre vekstar, i hovudsak lyng. Dette er et langt därlegare beitetilbod enn det vi finn i andre villreinområde med gode vinterbeite. Reinen veksler i bruken av vinterbeiteområda. Truleg beitar han ned eit område, er borte i fleire år, for så å kome attende når beita har teke seg opp att. Reinen sin vinterøkologi i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane står i ein særstilling samanlikna med andre villreinområde i Noreg. Dette gjer at desse særmerkte vinterbeiteområda i ytterkantane av Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane er fundamentet for villreinstamma der.

Områda sør for Brokke –Suleskardvegen, namngjevne som Valle-Byglandsheiane og Knaberøysi, utgjer ein sentral del av desse vinterbeita i verneplanområdet. Kan ein halde desse områda frie for inngrep, vil det sikre reinen tilgang på viktige vinterbeite også utanfor verneområdet. Store områder av verdi for villreinstamma er ikkje med i framlegget til verneplan av omsyn til store naturinngrep. I Vest-Agder gjeld dette mellom anna det store fjellområdet mellom Kvina og Sira, som ligg sør for Brokke-Suleskardvegen. Desse områda er viktige vinterbeite for villreinstamma.

Grensene er i tråd med dette, trekt ut frå omsynet til ulike vernekriteriar, og med villreinen sitt leveområde som hovudkriterium. Verneplanområdet sikrar villreinen sine mest sentrale leveområde frå nord til sør i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane. Planområdet er eit minimum for å oppretthalde ei livskraftig villreinstamme med "forutsigbart" leveområde. Eit samanhengande verneområde frå nord til sør vil og sikre villreinen tilgang til viktige vinterbeite som ligg utanfor verneplanområdet.

Omsynet til dei inngrepsfrie områda er likeins eit viktig kriterium ved grensesettinga. Planområdet inneheld nokre av dei siste villmarksområda i landsdelen. Villmarksområda er sentrale for einskilde truga og sårbare fuglearistar og utgjer ein ryggrad for villreinen sin områdebruk. Dei inngrepsfrie områda representerer kjernen i dei naturgeografiske regionane.

Det er teke omsyn til framlegga frå kommunane om på fleire stader å halde den såkalla heiheia utanfor verneområdet. Dette er gjort utan at avgrensinga kjem i motstrid med naturfaglege avgrensingskriterier m.a. omsynet til villrein.



I Bygland er det delvis teke omsyn til ønskje om at heimeheia for Langeid vert teke ut av verneområdet. Vernegrensa fylger stort sett framleggset som kommuneadministrasjonen la fram før verneplanutkastet vart fremma.

I Valle er grensa trekt noko attende kring Ljosådalen ut frå dei landbruksfaglege merknader som grunneigarane og kommunen la fram. I nokre høve er det samsvar mellom kommentarane frå grunneigarane og kommunane sine framlegg. I eitt område lengre sør i Valle ønskjer grunneigarane vernegrensa på ein strekning trekt lengre ned mot dalen enn det kommunen har gjort framlegg om. I tilrådinga har fylkesmennene teke omsyn til grunneigarane sitt framlegg.

Når det gjeld vernegrensa på Storeljos og Breive i Bykle, er det etter møte med kommunen gjort framlegg om ny grense som gjer det mogleg for kommunen å utvida Hovden skisenter. Føresetnaden for denne grensejusteringa er at nye større installasjonar for heisanlegg blir samlokalisert med eksisterande anlegg og at vendehjul for skitrekk og mannskapsbu på høgde 1204 ikkje overstig 5 meters høgde. Dette vil bli lagt til grunn i utarbeidd kommunedelplan og seinare reguleringsplan for området.


Fylkesmennene syner til at spørsmålet om lovbruk sør for Brokke-Suleskardvegen har vore eit sentralt tema under høyringa. Dei påpeikar at vegen ikkje er ei naturfagleg grense, men kan heller virke som ein barriere for villreinen i eit samanhengande fjellområde. Vegen er ikkje vinterbrøya, og villreintrekket blir difor ikkje hindra på dei mest sårbar tidspunkta haust og vår. Vegen påverkar ikkje dei andre naturkvalitetane i sørområdet.

I einskilde høyingsframlegg er det sagt at det ikkje er naturfaglege grunnar for vern etter naturvernlova sør for Brokke-Suleskardvegen. Det er i verneplanen peikt på fire vernemotiv av nasjonal verdi for områda sør for Brokke-Suleskardvegen:

- 1) Å sikre om lag 1/3 av leveområde og nær halvparten av vinterbeiteareala for villreinstamma i Setesdal-Ryfylkeheiane.
- 2) Å sikre leveområder for ein rekke truga og sårbare fugleartar, m.a. jaktfalk og kongeørn.
- 3) Å sikre dei resterande inngrepssfrie områda i regionen.
- 4) Å sikre vern av eit representativt utval av dei naturgeografiske regionane.

Det største av dei inngrepssfrie områda (kvalifisert villmark) ligg sør for Brokke-Suleskardvegen, i Valle-Byglandsheiane. Det meste av heiområdet har god tettleik av fjell- og lirype. Sør for Brokke-Suleskardvegen finn ein særskilt gode og stabile produksjonsområde for lirype. Høg tettleik av småvilt gir grunnlag for gode bestandar av store rovfuglar som kongeørn, jaktfalk og tutbro. Desse artane står på raudliste over truga og sjeldne yltaartar i Noreg. I Valle-Byglandsheiane er kongeørnbestanden mellom dei tettaste i landet. Naturverdiane i verneplanområdet sør for Brokke-Suleskardvegen er samla sett ikkje mindre enn i området nord for vegen. Område med tilnærma same naturkvaliteter bør forvaltast etter same lovverk.

I Hægebostad er det bygd veg omlag 1 km inn i planområdet. Det er påbegynt oppdyrkning av ei myr. For å ta vare på det innanfor liggjande området med villmark, er det avgjerande at grensa går så nært desse inngrepa som mogleg. Skulle kommunen sitt framlegg til grense bli fulgt, ville ein ikkje klare å sikre Noreg sitt sørlegaste område med kvalifisert villmark. Fyl-



kesmannen i Vest-Agder vil difor justere grensa i sør slik at vegen inn til Lygnevatn og Storemyr fell utanfor, men samstundes sikre mot ytterlegare inngrep inn mot villmarksområdet.

Fylkesmannen i Rogaland støtter seg til fylkesmennene i Agderfylka sin tilråding om avgrensing, men tilrår at grensa ved Andersvatn blir endra slik at eksisterande kraftinstallasjonar fell utanfor. Dette imøtekjem noko av den endringa kommunen ber om.

DN uttalar at det i verneframlegget blei lagt særleg vekt på å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde, og å sikre viktige leveområde for villreinen. Det er naudsynt med eit samanhengande verneområde frå nord til sør for å kunne oppretthalde ei livskraftig villreinstamme med "førutsigbart" leveområde. Eit slikt verneområde vil også sikre villreinen tilgang til vinterbeita som ligg utanfor verneplanområdet.

Omsynet til inngrepsfrie områder er eit viktig kriterium for grensedraginga. I Rogaland og Agderfylka er det att berre 1,8% kvalifisert villmark (område meir enn 5 km frå større tekniske inngrep). Verneframlegget inneheld nokre av dei siste attverande villmarksområda i landsdelen, og dei utgjer både viktige områder for villreinen og for einskilde truga og sårbare fuglearter. Dei inngrepsfrie områda utgjer kjernen i viktige deler av den naturgeografiske regionen 35b. Nasjonalparkplanen legg vekt på å få verna eit meir representativt utval av dei naturgeografiske regionar og underregionar som i dag ikkje har tilstrekkeleg vern. I underregion 35a og b som utgjer det meste av arealet i dette verneframlegget, er berre 4,2% og 1,4% p.t. verna.


Områda sør for Brokke-Suleskardvegen representerer halvdelen av villreinen sitt vinterbeiteareal og to større viktige inngrepsfrie områder. Det er difor viktig å sjå områda sør og nord for vegen i samanheng, og forvalte dei etter same lovverk.

Verneframlegget som blei sendt på lokal høyring omfatta eit areal på 2503 km<sup>2</sup>. Etter den lokale høyringa har fylkesmennene tilrådd endringar av grensene i nokre områder med produktiv skog eller med tekniske inngrep. Det er teke omsyn til planar for kraftutbygging ved Andersvatn og Nåvattn slik at seinare inngrep fell utanfor verneområdet. Arealet blei såleis redusert til ca 2386 km<sup>2</sup>. Saman med eksisterande verneområder i regionen dekker dette 46% av det totale leveområdet for villreinen i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane. Denne delen kan bli auka gjennom framtidig vern av Frafjordheiane.

Ein grunneigar i Hovden meiner det ikkje er trekkroute for villrein over hans eigendom. DN viser til at det i samband med viltkartlegginga er dokumentert viktig trekkroute på denne staden og at området difor bør vernast etter naturvernlova.

Nokre instansar ynskjer ytterlegare vern for å sikre ein betre samanheng mellom Hardanger-vidda villreinområder og verneområder i Rogaland. Også andre framlegg til utviding blir fremma. Innspela er interessante, men framlegga er så omfattande at DN ikkje finn det aktuelt å ta dei med i denne omgang.

DN støtter fylkesmennene sitt framlegg til avgrensing med eit totalareal på 2386,6 km<sup>2</sup> (landskapsvern m/dyrelivsfredning etter naturvernloven – 2.346,7 km<sup>2</sup> og biotopvernområder etter viltloven – 39,9 km<sup>2</sup>) og legg dette til grunn for si tilråding.



MD sluttar seg til DN sine merknader og tilråding.

### Verneform

Dei fleste høyringsinstansane inkludert kommunane, dei fleste grunneigarane og grunneigar- og næringsorganisasjonane, USS, fylkeskommunane i Agderfylka, Statskog SF går med ulik grunngjeving inn for landskapsvernområde, eventuelt kombinert med biotopvern. Grunneigarar og kommunar ønskjer ikkje nasjonalpark då dei er redd ein slik status vil føre til større på-akting og auka ferdslle til skade for villreinen.

Rogaland Fylkeskommune, Riksantikvaren og andre innan kulturminnevernet, DNT, NNV og andre friluftslivs- og naturvernorganisasjonar støtter framlegget om nasjonalpark og landskapsvernområde, eventuelt saman med biotopvernområde.

Fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder uttalar at ved val av verneform må ein leggje avgjerdande vekt på å ivareta dei nasjonale verneinteressene som finst i heiområdet. Samstundes må ein ta omsyn til den tradisjonelle utnytinga og den lokale forvaltartradisjonen i området. Ut frå dette må ein vurdere med kva for verneform ein på beste måte kan ivareta vernesøremålet.


Under høyringa blei det lagt fram fire ulike vernealternativ. Innafor verneplanområdet er det delområde som klart tilfredsstiller krava til nasjonalpark. Rjuven er eit slikt område. Sjølv om Rjuvenområdet har vernekvalitetar som ikkje står attende for det ein finn i andre nasjonalparkar i Noreg, meiner fylkesmennene likevel at Rjuvenområdet ikkje har vernekvalitetar som skil seg så avgjerande ut frå resten av planområdet at det er naudsint med andre og strengare verneregler her.

Fylkesmennene meiner ut frå ei samla vurdering at nasjonale verneinteresser er tilstrekkeleg sikra med landskapsvernområde som verneform - også for Rjuven. Denne verneforma tek omsyn til lokale brukarinteresser.

Nokre av biotopvernområda i verneframlegget har store naturinngrep, men fylkesmennene tilrar likevel at desse går inn i landskapsvernområdet ut frå omsynet til mest mogleg lik forvaltning. Det kan reisast spørsmål om desse inngrepa er så vesentlege at naturvernlova sin §5 om landskapsvern ikkje kan nyttast. Fylkesmennene kan ikkje sjå at inkludering av mindre område med naturinngrep i landskapsvernområde er eit prinsipielt brot med norsk fredningspraksis. Fylkesmennene vil difor etter ei samla vurdering tilrå same verneform som elles ut frå følgjande omsyn:

- ikkje strengare vern enn naudsint
- like verneregler for heile verneområdet
- mellomliggjande område har store landskapskvalitetar
- arrondering
- områda har viktige funksjonar for villreinen
- gjev betre legitimitet hjå kommunar og grunneigarar

Fylkesmennene i Agderfylka tilrar difor ikkje at det blir oppretta biotopvernområde eller nasjonalpark, men at det blir oppretta eit stort samanhengande landskapsvernområde i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane.



Fylkesmannen i Rogaland uttalar at område med kvalifisert villmark treng eit regelverk som er best mogleg eigna til å hindra nye inngrep, og tilrår derfor ei kombinasjon av nasjonalpark, landskapsvernområde og biotopvern.

DN viser til at fylkesmennene i Agderfylka og Fylkesmannen i Rogaland har ulikt syn på spørsmåla om bruk av nasjonalpark og biotopvernområde som verneform. DN meiner at for område med store tekniske inngrep og der villreinen er hovudmotiv for vern, er biotopvern etter viltlova eit meir korrekt virkemiddel enn landskapsvernområde etter naturvernlova.

DN tilrår etter ein totalvurdering landskapsvernområde som verneform over heile området, bortsett frå området kring Steinsbuskardet - Hisdal der DN på grunn av store landskapsinn-grep og viktig trekkrute og kalvingsområde for villrein, tilrår biotopvern i medhald av vilt-lova. Dyrelivet er eit sentralt vernemotiv. For å skaffe til veie eit tilstrekkeleg juridisk grunn-lag for å innføre naudsynte restriksjonar for å sikre dyrelivet sine leveområde, gjer DN fram-legg om at det vert innført ein serskilt dyrelivsfreding for landskapsvernområdet.

Kommunane i Vest-Agder og Bygland kommune har bede styresmaktene vurdere bruken av PBL og dyrelivsfredning etter naturvernlova for området sør for Brokke - Suleskardvegen i staden for landskapsvernområde m/dyrelivsfredning. DN uttaler at kommunane ikkje har lagt fram nokon konkret løysing for å ivareta verneverdiane i området, men berre sagt at dei ønskjer mindre restriksjonar i området – m.a.o. eit svakare vern - og at ein kan få til dette gjennom bruk av PBL + artsfredning. Kva restriksjonar ein tenkjer seg, er ikkje kome fram.

DN legg vekt på at for å sikre verneverdiane på ein god måte, er det naudsynt med dei verne-reglane det er gjort framlegg om for området. Bruk av naturvernlova legg til grunn eit lang-siktig forvalningsperspektiv og gir størst tryggleik for at verneverdiane blir tatt vare på i framtida. Forskrifter etter PBL kan regulere mange forhold, men er eit planverktøy med kort-are tidshorisont.


Artsvern (dyrelivsfredning/plantelivsfredning) gir ikkje noko ekstra biotopvern ut over det som eventuelt måtte vere fastsett med heimel i PBL. Dyrelivsfredning åleine vil ikkje kunne nyttast for å hindre t.eks. tekniske inngrep. DN meiner difor at naturvernlova m/landskapsvern og dyrelivsfredning saman gir området eit lang betre vern i høve til bruk av PBL m/dyrelivsfredning.

MD er einig med DN si vurdering og tilråding og vil leggje til at kommunane sin deltaking og påverknad vil bli tillagt stor vekt i samband med prøveordninga med forvaltinga av verne-området - både gjennom utarbeidning av forvalningsplan og gjennom direkte forvalting av verneforskrifta.

#### Forskrifter

Kommentarar til framlegg om forskrift for nasjonalparken er ikkje teke med, då det ikkje vil bli gjort framlegg om nasjonalpark.

Kommunane Bygland, Valle, Bykle, Hægebostad, Sirdal, Åseral, Forsand og Fylkesland-bruksstyret i Aust-Agder meiner næringsinteressene må inn som ein del av føremålet med



vernet. Dersom ferdslle vert eit problem i eit område slik at ho må regulerast, forutset kommunen at ferdslle i samband med næring går føre ferdslle i samband med friluftsliv.

Forsand kommune meiner ferdslleforbodet i kalvingsområda også skal gjelde turistforeningsløypene.

Kommunane Bygland, Valle, Bykle, Hægebostad, Kvinesdal, Åseral og Fylkeslandbruksstyret i Aust-Agder forutset at forskriftene i verneframlegget blir endra når det gjeld motorisert ferdslle, vernskogføresegner, regulering av beitetrykk, oppattbygging av bygningar utan eldstad og høve til å føre opp ein bygning til jakt m.m.

Sirdal kommune meiner at framlegg til verneregler om ferdslle i biotopvernområdet må endrast. Unntaka frå ferdslleforbodet i Steinsbuskardet må takast ut.

Fylkeslandbruksstyret i Vest-Agder meiner forvaltninga må leggast opp slik at ein tek omsyn til landbruket sin tradisjonelle bruk og næringsutvikling i området. Ein heimel for å regulere beite er ikkje naudsynt.

Fylkeslandbruksstyret i Rogaland meiner landbruksinteressene er teke godt vare på i framlegget. Det bør likevel opnast for nybygg i samband med næring, t d gjeterhytter.

LD krev at omgrepet «tradisjonelt landbruk» i forskrifta for landskapsvernombord/biotopvernombord blir bytta ut med «tidsmessig landbruk som ikkje kjem i strid med verneføremål», og at omgrepet «jordbruksveg» blir bytta ut med «landbruksveg». Når det gjeld landbruket sitt transportbehov og skogsdrift meiner LD at det i forskrifta berre skal visast til godkjent forvaltningsplan. Forskrifta må dekkje trøngen for bygging av landbruksvegar og vinterbilvegar for skogsdrift.

Arkeologisk Museum i Stavanger meiner at sikring av fysiske spor og kunnskapstilfang om landskapsutviklinga og menneskeleg bruk etter istida, må vere eit overordna vernemotiv som må kome betre fram.

Riksantikvaren (RA) påpeikar at området utgjer eit samanhengande kulturlandskap prega av mennesket si busetting og ressursutnytting gjennom 10 000 år. Fylkeskulturetaten bør takast med på råd ved handsaming av søknader til gjenoppbygging av hus, nydyrkning, snauhogst, tilbygg, og opparbeiding av turstiar.

Statskog Sør- og Vestlandet meiner det bør vere tillate å lande på Storevatn i Sirdal for henting av storvilt.


NFS meiner at dersom område med eit aktivt landbruk skal vere med i verneområdet, må det gjevast rom for drift som er i tråd med den til ein kvar tid gjeldande landbrukspolitikk. Punktet i forskrifta om heimel til å regulere beitetrykket bør gå ut. Sambandet støtter framlegget om ferdslerestriksjonar, men vil ikkje tilrå unntak for ferdslle attmed merka løyper. Unntaka for naudsynt ferdslle i samband med beitebruk eller kraftanlegga bør vere tillate.

Frå grunneigarhald er fleire tema tatt opp så som høve til at næringsverksemid i Ljosådalen kan halde fram; høve til å setje opp att nedrotna eller nedbrennende bygningar både med og utan eldstad; at restriksjonar på motorisert ferdslle ikkje må hindre vedlikehald av støylene eller bruken av buene; at tradisjonell båtferdsle på vatna i området må tillatast, særleg i samband med jakt; landing med fly på Ljosådalsvatnet, Kolsvatnet, Nutevatnet, Langsvatnet og Hæge-støylvatnet.

Ein grunneigar går inn for å verne Gyvatn/Steinbuskardet mot inngrep som turistløyper, sau, gjerde og anna ferdslle.

Ein brukar meiner det er for svakt når fylkesmennene gjer framlegg om unntak frå ferdslleforbodet attmed merka løyper.

GSR uttalar at reguleringsplan etter PBL § 25.6 er eit betre verkemiddel enn naturvernlova og/eller viltlova i dei områda der det er aktuelt å regulere eller nekte ferdslle av omsyn til vill-



reinen. I område der ferdsløp må regulerast av omsyn til naturmiljøet, må lokal ferdsløp knytt til næringsverksemder ha prioritet framfor ferdsløp i samband med friluftsliv.

Lyse sameige meiner kalvingsområda bør vere stengde for all ferdsløp i kalvingstida, også motorisert oppsyn. I Steinsbuskardet bør all ferdsløp vere forbode heile året utan unntak for merka turistløype. Lysevegen bør vere open så lenge som råd om hausten, då villreintrekket kryssar vegen først på nyåret.

Gjesdal kommune ligg utanfor verneframlegget. Kommunen meiner næring må inngå som ein del av føremålet med planen, og det må være høve til å endre eksisterande bygg slik at dei kan nyttast til næringsverksemder, m a turisme. Ferdelsforbodet i kalvingsområda bør også gjelde turistforeningløypene. Dersom det blir konflikt om knappe beiteressursar, må det vere høve til å regulere villreinstamma slik at tradisjonelt husdyrhald av beitande tamdyr kan halde fram i same omfang som på vernetidspunktet.

Vest-Agder Bonde- og Småbrukarlag og Sirdal Bonde- og Småbrukarlag meiner at ferdsløp-restriksjonar og må gjelde turistforeiningane sine løyper.

Valle Bondelag, - Skogeigarlag og Sauaalslag meiner det må vere høve til å ta ut tømmer i landskapsvernområdet.

Rogaland Bondelag ser positivt på at landbruksdrifta kan halde fram som i dag, men åtvarar mot ei for snever tolking av «tradisjonelt landbruk» då ein må rekna med endra driftsmåtar.

Bjerkreim Bondelag meiner at det ikkje er grunnlag for å seie at sau fortrenger rein. Skulle dette likevel visa seg å vere rett, må brukar/eigar trekkast med. Laget fryktar at regulering av ferdsløp kan skape vanskar for sinking. Skulle fjellbeite bli redusert vil det bli trøng for gjødsling av større lågareliggjande areal.

NB og NSF ber om at forskriften blir utforma slik at det er ein balanse mellom endring i landbruksdrifta som følge av St.prp.nr.8 (1992-93) »Landbruk i utvikling» og sikring av naturverdiene i heiområdet. Vidare krev dei at framlegget om heimel i forskriften om å regulere talet på beitedyr blir teke ut.

NVE påpeikar at verneplanen berører fleire Samla Plan-prosjekt som gjennom Stortinget si handsaming er klareit for konsesjonshandsaming. Slike prosjekt må på ein rasjonell måte kunne byggjast ut i samsvar med skisserte planar, dersom det vert gjeven konsesjon. Dette må det då anten gjevast direkte løyve til gjennom verneforskrifta, eller gjennom grensejustering slik at dei aktuelle områda blir skilt ut til konsesjonsspørsmålet er avgjort. I verneforskrifta bør det og opnast for at justeringar i Samla Plan-prosjekt, som ofte kan gjeve miljømessige fordeler, kan gjennomførast utan å komme i konflikt med forskriften. Vidare meiner NVE at det i verneforskrifta må gjevast generelt heilårsløyve til inspeksjon og vedlikehald av alle tekniske kraftinstallasjonar, -leidningar mv. Ein må kunne gjennomføre eventuelle ombyggingar /forsterkningar av t d dammar o a anleggsdeler, som det etter gjeldande lover og forskrifter måtte bli gjeve pålegg om. Dersom det skulle bli aktuelt med ein gassrørleidning gjennom verneområdet; ynskjer NVE at naudsnytt løyve til dette blir teke med i verneforskrifta.

Olje- og Energidepartementet (OED) visar til konsesjonsgjevne Samla Plan-prosjekt.

Statnett uttalar at det er viktig å kunne gjennomfør av NVE si uttale, og vil særleg presisere at eit vern ikkje må hindre gjennomføring av vedlikehald, reparasjonar og ettersyn av leidningsnettet på ein forsvarleg og effektiv måte noko som synast å bli godt teke vare på gjennom framlegget til verneforskrift.

Sira-Kvina kraftselskap påpeikar at planområdet omfattar fleire damanlegg og kraftverk der det er naudsnyt med vedlikehaldsarbeid og modernisering. Framlegget til forskrift legger ureimelege restriksjonar for drift og vedlikehald av vassdrags- og reguleringsanlegg. For daman-

legga ved Rosskrepp, Svartevann og Øyarvatn samt kraftstasjonane Rosskrepp og Duge, må områda kring tekniske installasjoner ikkje regulerast av verneforskriftene.

Statkraft SF og Vest-Agder Energiverk legg til grunn at verneforskriftene vil gje opning for automatisk løyve til motorferdsle i samanband med tilsyn og vedlikehald av kraftliner og kraftinstallasjoner.

I/S Øvre Otra forutset at det ikkje må hindre ferdslar, vedlikehaldsarbeid, utbygging o.a. som kan vanskeleggjere forsvarleg drift og tidmessig utvikling av kraftanlegga. Dette må ein i verneforskriftene ta omsyn til. I verneframlegget er det skilt mellom «akutt behov for tilsyn og førebygging av skade på kraftanlegg» som kan utøvast utan restriksjonar, og «luft- og snø-scootertransport som trengst ved tilsyn av kraftanlegg». Selskapet meiner det er uklart om det er lov med motorisert ferdslar i samband med akutt behov. Dei ber om at tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg bør takast med i dei generelle unntak i pkt.: «militær operativ verksemeld og andre offentlege tiltak», eller så må rett til tilsyn og vedlikehald uten særskilt løyve innarbeidast i punkta «Ferdslar» og/eller «motorisert ferdslar».

Lyse Kraft kan ikkje forstå framlegget om restriksjonar på Lysevegen, då det er lite villrein i området før jul. Dersom brøyting på Lysevegen ikkje kan ta til før 12. mai, kan det føre til at brøyting av vegen må vente til etter at Brokke-Suleskardvegen er opna og derfor ikkje bli opna før bortimot jonsok.

Statens vegvesen syner til at fylkesvegen mellom Sirekrok og Lysebotn normalt har vore open for trafikk fram mot juletider, og det har vore eit mål å opne vegen att før 17. mai. For lokal-samfunnet Lysebotn, utan annan vegforbindelse, vil det være lite heldig å fastsetje eit bestemt tidsrom for stenging, utan at det er teke omsyn til snøtilhøva. Ein nyttar det same brøyteutstyr på Brokke-Suleskardvegen, og det vil ikkje være praktisk mogleg å ha same opningsdato på dei to vegane. Ein tek sikte på å senke brøytekantane så mykje som mogleg på aktuelle vegstrekningar. Vegvesenet syner til at det kan bli aktuelt med mindre utbetringer av noverande fylkesvegar, t d bygging av møteplassar og opprusting av eksisterande rasteplassar. Bygging av møteplassar kan spesielt være aktuelt attmed vegen mellom Sirekrok og Lysebotn. Dersom vernereglane vil opne for dette, har Statens vegvesen ingen merknader ut over dette.


Vegdirektoratet uttalar at om det ikkje blir lagt restriksjonar på normalt vedlikehald av vegnettet, vil verneplanen i liten grad vere i strid med veginteressene. For bygging av møteplassar og opprusting av eksisterande rasteplassar på fylkesvegen mellom Sirekrok og Lysebotn, er merknaden imøtekome i fylkesmennene sine kommentarar. Trongen for betre tilrettelegging for turistar på Brokke-Suleskardvegen vil bli teke opp i eigne planar med fylkesmannen og fylkeskommunen.

Luftfartsverket (LV) går imot framlegget om forbod mot lågtflyging over heile verneområdet, då dette vil skape problem for sjøfly, småfly og helikopter som skal til og frå Stavanger lufthamn og i nokon grad Haugesund lufthamn. LV gjør framlegg om at forbodet mot lågtflyging berre må gjelde for områda som på kartet er avmerkte som kalvingsområder og trekksoner for villreinen.

Samferdselsdepartementet har ingen merknader ut over dei som har kome frå dei underliggende etatar.

Bergvesenet går ut i frå at verneforskrifta ikkje er til hinder for den generelle kartlegginga til NGU.

NGU meiner det må bli gitt dispensasjon til undersøking av geologisk interessante førekomstar, m a prøvetaking av malm, mineral, fast fjell og lausmassar, og meiner dette bør bli presistert i verneforskrifta.



T

Forsvarets Bygningstjeneste avd. Stavanger ber om at det blir tatt med ein forklaring på kva ein frå forsvaret si side legg i omgrepet "militær operativ verksemd". Når det gjeld motorferdsle innafor planområde, meiner forsvaret at "Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag" er overordna dei forskriftene som er gitt i framlegga til verneplan og fylkesdelplan. Forsvaret ser for seg en militær aktivitet i regionen også i framtida. Det er svært viktig at det her finst tilgang på øvingsområde. Under punktet om «Militær operativ verksemd» bør det difor leggast til: «Anna militær øvingsverksemd tillatast dersom tiltaket ikkje er til vesentleg hinder for verneføremålet. Melding om slik verksemd sendast forvalningsstyresmakta (jfr. naturvern-lova § 23)».

Forsvarets bygningstjeneste, Sentralledelsen og Forsvarets Overkommando (FO) uttalar at fylkesmannen bør ha fullmakt til å gje løyve til militær verksemd som ikkje er i strid med verneføremålet. Forsvaret forutset at forvalningsstyresmakta kan gje slikt løyve med heimel kap V, pkt 8 i forskriftera - om unnatak i særskilde høve.

Arendal og Oppland Turistforening meiner at reglane for landskapsvernområdet må gje rom for bygging av nye anlegg så lenge dette ikkje strir mot verneføremålet. Dei gjør difor framlegg om at punkt V.1.3.d skal heite: «Tilbygg til eksisterande bygningar og nye bygningar og anlegg til ålmenn bruk».

Naturvernforbundet i Rogaland og Stavanger Turistforening (STF) gjør framlegg om forbod mot sykling i verneområdet. Dei ser positivt på at vegane Brokke-Suleskard og Sirekrok-Lysebotn er vinterstengde, men ønskjer dette innskjerpa slik at brøyting ikkje kan skje før villreintrekket frå vinterbeite til kalvingsplassar er avslutta. STF gjør framlegg om at ein kan bruke vegane fram til snøen naturleg stengjer dei.

Natur og Ungdom og Den Norske Turistforenings Ungdom meiner at punkta 1.3. a og b om nydyrkning, jordbruksvegar og hogst i framlegg til verneforskrift strir mot verneføremålet og bør strykast. Dei meiner at gjennomfartsvegane ikkje må opnast før villreinen har avslutta trekket frå vinterbeite til kalvingsområde.

Rogaland Jeger- og Fiskerforening (RJF) går inn for at jakt, fiske, beite og friluftsliv kjem med i verneføremålet og blir sidestilt med andre føremål. RJF gjør framlegg om forbod mot sykling. Vegane Brokke-Suleskard og Sirekrok-Lysebotn må ikkje opnast før reinen har avslutta trekket frå vinterbeite til kalvingsområde.


NNV og NJFF fryktar framtidige inngrep i området som t d vasskraftutbygging, gassrøyrleidning og nye kraftleidningar, og ber om at forskriftera blir formulert slik at det ikkje kan opnast for slike inngrep. I landskapsvernområdet må punktet om serskilt løyve for snauhogst av lauvskog og hogst av bartre takast ut. Brøyting av vinterstengde vegar må ikkje finne stad før villreinen har trekt over til kalvingsplassane. Forbunda går i mot framlegget om å flytte tidspunktet for stenging av vegen mellom Sirikrok og Lysebotn frå 1 nov. til 31. des. Dei ber også om at forskriftera forbry militær øvingsverksemd i området.

DNT går inn for ferdssesrestriksjonar for ållmenn motorferdsle på vegane opp til kraftmagasina og på dei regulerte vatna.

Norsk Botanisk Forening støtter framlegget om å gjere det mogleg å kontrollere beitetrykket frå sau i høve til plantelivet.

Norsk Biologforening nemner trøngen for skjerming av villreinstamma ved Brokke-Suleskard-vegen i den kritiske perioden på ettervinteren og trøngen for skjøtsel av kulturlandskapet.

Friluftsrådenes Landsforbund (FL) meiner det ikkje må innførast restriksjonar på ferdslar om dyrelivet har tilpassa seg eksisterande ferdslar. Det bør i staden innførast ein heimel til å regulere ferdslar og som kan takast i bruk om ferdsla aukar ut over det akseptable, eller blir endra i ei lite ynskeleg retning. FL ber om ei vurdering av om det er trøng for reguleringar av ferdsla,



eventuelt i kva områder dette er aktuelt. FL ber vidare om ei nærmare vurdering av omgrepet «større organiserte arrangement».

FRIFO meiner punktet om at arrangørar av større arrangement må søke forvaltningsstyresmakta om løyve til slike arrangement blir teke ut, då DN si mynde til å regulere ferdsle ved forskrift vil ivareta dette. Det er paradoksalt at motorisert ferdsle er tillaten på vegar, medan sykling og riding berre skal vere lov på eigne, fastlagde trasear. Då dette innskrenkar allmannaretten bør punktet om sykling og riding strykast.

Syklistenes Landsforening meiner det er minimalt med sykling innafor verneområdet. Eigne trasear for dette vil oppfattast som eit særskild tilbod og dermed føre til at fleire vil oppsøkje terrenget med sykkel. Sykling og riding kan ikkje leggjast til dei same traseane då slitasje ved bruk av hest vil gjere det umogleg for syklister. Sykling må også vere tillaten på vegane i området.

Fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder og DN har følgjande merknader:

#### Føremålet med vernet

Fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder uttalar at det ikkje er heimel i naturvernlova for å verne for næringsføremål. Naturvernlova skal nyttast til å ta vare på særskilde naturverdiar. Vern som sikrar naturgrunnlaget på lang sikt, vil og ha ei positiv effekt for dei næringane som nytta naturressursane. Omsynet til dei tradisjonelle næringane er godt ivareteke både i unntaksreglane og gjennom dispensasjonsreglar ein legg opp til i forskrifta. Forvalningsplanen vil på ein meir detaljert måte enn verneforskriftene, avspeglia og ta omsyn til dei tradisjonelle utmarksinteressene i området.


DN vil tilføye at det heller ikkje er heimel i naturvernlova til å verne med jakt eller fiske som føremål. Naturvernlova opnar berre for at friluftsliv, inkludert utøving av jakt og fiske, kan vere del av føremålet for nasjonalparkar. Sjølv om det ikkje kjem direkte fram i verneføremålet, vil likevel vernet ha positive konsekvensar for friluftslivet i området.

Enkelte instansar meiner at sikring av fysiske spor og kunnskapstilgang om landskapet si utvikling og menneskeleg bruk, ikkje kjem godt nok fram i føremålet. DN meiner at formuleringa under pkt 1 i framlegget til føremål sikrar omsynet til kulturminneinteressene på ein god måte.

#### Motorisert ferdsle

Fylkesmennene meiner det i delar av heirområdet er meir motorisert ferdsle enn ynskjeleg. Det er ei klar målsetting at det skal vere så lite motorisert ferdsle som mogleg i verneområdet. Vernereglane er utforma for at det skal vere mogleg å regulere denne ferdsla. Ein vil kome nærmare attende til dispensasjonspraksis etter desse reglane i samband med forvalningsplanen. Fylkesmennene vil presisere at det skal kunne gjevast løyve for fleire turar av gongen.

Fleire instansar meiner at ein bør kunne lande med motordrevne luftfarty for henting av felt storvilt på fleire vatn enn dei som står nemnt i høyningsframlegg. Nye vatn er Storevatn, Ljosådalsvatn, Kolsvatn, Nutevatn, Langsvatn og Hægestøylvatn. Etter ein samla vurdering meiner fylkesmennene at det kan opnast for slik landing på Storevatn i tillegg til dei vatna som er nemnt i høyningsframlegg. Med ei slik supplering meiner fylkesmennene trøngs for landingsstader er dekkja.



DN går inn for ein forskriftsendring slik Luftfartsverket gjer framlegg om. Lågtflyging blir såleis berre forbode i dei delane av verneområdet som på kartet er avmerkte som kalvingsområde eller trekksoner for villrein.

DN går vidare inn for at forskrifta skal opna for å kunne gje løyve til luft- og snøscootertransport i samband med vedlikehald og tilsyn med kraftanlegg. For motorferdsle ved akutt trøng for tilsyn og førebygging av skade på kraftanlegg skal det gjevast melding.

Etter samråd med fylkesmennene tilrår DN at motorisert ferdsle på vatn skal regulerast gjennom motorferdslelova.

### Høgst

Fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder synet til at nokre mindre område i Valle kan være aktuelle for tømmerhogst. Det nye grenseframlegget i Ljosådalen har i nokon grad teke omsyn til dette. Ut frå ei skogfagleg vurdering er områda marginale. Plukkhogst er mest aktuelt. Ved utarbeiding av forskrifta blei det drøfta om ein skulle nytte gjeldande vernskogreglar. Ein valde i staden å ta inn eigne reguleringar av hogst for på ein betre måte å kunne verne om den glisne og fleire stader gamle barskogen. Etter høyringa har ein likevel kome fram til at det for hogst bør vere tilstrekkeleg å syne til vernskogreglane. Bygging av skogsbilvegar og planting vil vere forbode.

For ikkje unødig å hindre skogbruket sine næringsinteresser, har ein i stor grad trekt grensa for verneplanområdet opp over barskogbeltet. Driftsøkonomisk interessante barskogsområde fell såleis i hovudsak utanfor planen. Vestvassdalen ligg framleis innafor verneplanområdet. Vestvassdalen er tidlegare vurdert som eit verneverdig barskogsområde i samband med verneplan for barskog.

DN støtter fylkesmennene sine tilrådingar.

### Beitebruk

Fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder uttalar at om det blir aktuelt å regulere talet på beitedyr i verneområdet i medhald av forskrift etter naturvernlova, er DN rett organ til å vedta ei slik forskrift. Ei slik forskrift vil ikkje bli vedteken utan grundig, fagleg dokumentasjon og i nært samarbeid med landbrukskyndige. Framlegg til forskrift vil bli sendt på høyring til partane.

DN vil uttale at med omsyn til heimelsgrunnlaget for å regulere beite, opnar naturvernlova for slike tiltak i naturvernområde dersom verneførémålet krev det.

MD vil påpeike at heimelen til gje forskrift om beitebruk og ferdslerestriksjonar (sjå omtale s. 29) er gjeven for at forvalningsstyresmakt skal kunne regulere anna konkurrerande bruk av området dersom dette er naudsynt av omsyn til villreininteressene. Ordinært skal DN berre vurdere å ta heimelen i bruk dersom den lokale forvalningsstyresmakta dvs. kommunane under prøveperioden, tek saka opp med direktoratet. Det er ei føresetnad at heimelen berre skal nyttast i naudsfall og etter at alle partar har fått høve til å uttale seg til saka. Mynde til å gje slik forskrift bør ikkje omfattast av delegeringsforsøket m.a. av di den sentrale fagkompetan-

sen i villreinspørsmål ligg i direktoratet. Departementet vil understreke at situasjonen i området på vernetidspunktet ikkje er slik at det er naudsynt å vurdere bruk av desse to heimlane no.

### Bygningar


Fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder meiner at talet på bygningar i planområdet er så stort at det einskilde stader skiplar landskapet. Fleirbruksplanen omtalar dette. Mange grunneigarar med eide dom av nokon storleik, har ein eller fleire bygningar i heiområdet som kan nyttast i samband med jakt og fiske. Mykje transport av varer og materiale til vedlikehald og bruk av desse bygningane, er ein hovudgrunn til den omfattande motorferdsela. At det i verneområdet skulle gjevast eit generelt løyve til oppføring av reine jakt- og fiskebuer, eventuelt etter ei behovsprøving, ser ein som svært uheldig av omsyn til verneføremålet. Når utmarksressursane skal utnyttast, kan ein legge forholda til rette ved å betre utnyttinga av eksisterande bygningar. Ein kan vidare lokalisere nye bygningar utanfor verneområdet eller nytte telt e.l. Jakt- og fiskebuer er ikkje å rekne som driftsbygningar i landbruket. Ein treng difor dispensasjon også frå kommuneplanane i LNF-områda for å kunne setje opp slike tiltak. Fylkesmennene vil difor frårå at det blir innført ein særskilt løyveadgang for oppføring av jakt- og fiskebuer i forskrifa for landskapsvernombrådet. Søknad om oppføring av ein slik bygning må vurderast ut frå forskriftsteksten under punktet om «unntak i særskilde høve». Fylkesmennene meiner at det bør opnast for dispensasjon for oppattbygging av nedfalne bygningar - ikkje berre med - men også utan eldstad (husdyrrom og høybuer) som høyrer til i det tradisjonelle bygningsmiljøet i stølsgrendene. Vilkår for dette må vere at slike bygningar ikkje skal omdisponerast til hyttebruk.

Fylkesmennene meiner at turisthyttene og løypenetet i dag ligg så tett at ei ytterlegare utbygging verken er naudsynt eller ynskjeleg. Gjennom løyveadgang vil verneforskrifta gje rom for naudsynt opprusting av hyttene m.a. av omsyn til tryggleiken.

DN vil presiserer at opprusting av hytter ikkje omfattar bygging av nye sikringshytter. Vidare støtter DN fylkesmennene i Agderfylka sitt framlegg om eit tillegg i forskrifa som opnar for at det kan gjevast dispensasjon for oppattbygging av nedfalne bygningar både med og utan eldstad. Kravet er at slike bygningar må tilhøyre det tradisjonelle bygningsmiljøet i ei stølsgrend og at grunnarealet ikkje blir endra.

Med omsyn til spørsmål om løyve til å byggje gjeterhyttar syner DN til fylkesmennene sine merknader om talet på bygningar i området, og ser difor ikkje trangen for å auke det totale talet på bygningar ytterlegare.

MD vil gjere merksam på at verneforskrifta for landskapsvernombrådet har ein generell dispensasjonsheimel, sjå pkt. VI *Unnatak i særskilde høve*, og at denne heimelen m.a. gjev forvalningsstyresmakta høve til å vurdere tiltak som ikkje er i strid med verneføremålet. Dette tyder m.a. at søknader om oppføring av nye husvere kan realitetvurderast innafor ramma av verneforskrifta. Departementet reknar likevel med at trangen for å nytte denne heimelen til å handsame søknader om slike tiltak er liten.



## Kraftinteressene og Samla plan

Fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder visar til at kraftverksinteressene vil ha inn i forskrifa ein opning for realisering av Samla plan-prosjekter eller at vernegrensene blir trekte utanom desse områda.

Fylkesmennene ser at ein kunne ha gjeve Samla Plan-prosjekta ein betre omtale i verneframlegget. Fylkesmennene vil minne om at det er gjeven konsesjon for utnytting av over 80 % av vasskraftpotensialet i heiområdet, og at dei attverande vassdraga difor er av stor verdi for naturen i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane.

Kraftselskapa set også fram krav om at det må gjevast eit generelt heilarsløyve til inspeksjon av tekniske anlegg o.l. Så langt fylkesmennene kan sjå, er kraftselskapa sine behov, slik dei blir skissert i høyringsbreva, rimeleg ivaretakne i forskrifta. Fylkesmennene vil gjere merksam på at kraftselskapa står for ein stor del av motorferdsla i heiområdet. Kraftselskapa må vere med i utarbeidninga av forvaltningsplan og sørge for at deira transportbehov blir ivareteke og kjem inn i former som i minst mogleg grad er til skade for naturverdiane.


NVE vil at det i verneforskriftene må innarbeidast ein opning å føre fram ein gassrørleidning gjennom verneområdet. Fylkesmennene meiner det ikkje er grunn til å ha førehandslovnader om eit slikt stort naturinngrep som ein føresetnad for vernevedtaket. Dette vil gje vernet av området liten legitimitet. Fylkesmennene meiner at ein eventuell søknad om løyve for framföring av gassrørleidning, må prøvast opp mot den prioritet nasjonale verneføremål har i høve til andre samfunnsinteresser, slik dette kjem til uttrykk i verneforskriftene.

DN viser til at det finst fleire planlagde og igangsette kraftprosjekt innafor området. Dei anlegga som er vedteke utbygd og som ligg innafor verneområdet vil bli forvalta på same måte etter verneforskrifta som eksisterande anlegg. For enkelte prosjekt som ligg i ytterkant av verneframlegget er det ved arronderinga av området teke omsyn til anlegga eller utbyggingsplanane slik at dei fell utanfor verneområdet.

Innafor verneframlegget ligg det to vasskraftprosjekt som er plassert i Samla Plan, begge i Bykle kommune:

- Væringsåni/Skyvatn-prosjektet (11551, kategori II, gr 6) er ei ytterlegare utbygging av Skyvatn Alternativet går ut på bygge kraftstasjon ved Væringsvatnet. Prosjektet vil innebere tunnel, røyrgate, kraftleidning, veg og tørrlegging av elva Væringsåni. Kraftproduksjonen vil bli 17,1 GWh.
- Bånåni-prosjektet (11556, kategori I, gr 2 og 4) eksisterer i to ulike alternativ, eit frå 1984 (40 GWh) og eit revidert frå 1986 (18 GWh). Begge alternativa vil medføre anleggsvegar, kraftlinjer og tørrlegging av elva Bånåni.

DN vil påpeike at ei realisering av prosjekta vil ha store landskapsmessige konsekvensar. I tillegg ligg Bånåni-prosjektet innafor Storenos kalvingsområde og Væringsåni/Skyvatn i Vatnedalsheii kalvingsområde. Begge desse prosjekta vil vere i stor konflikt med verneføremålet og er dermed ikkje foreinleg med eit vern. Det vil difor ikkje vere mogleg å opna for slike utbyggingar i verneforskrifta. Arronderingsmessig ligg dei slik til at det heller ikkje let seg gjere å legge grensene for verneområdet utanom, utan å miste vesentlege verneverdiar.

  
MD vil bemerke: I nasjonalparkmeldinga (St.meld. nr. 62 for 1991-92), s. 44 flg. er det slege fast visse prinsipp for korleis prosjekt i dei to kategoriane i Samla Plan for vassdrag (SP) skal handsamast i høve til nasjonalparkplanen:

- For verneframlegg med vasskraftprosjekt i kategori II skal den vidare handsaminga av verneframlegget avklare tilhøve mellom vern og vasskraftprosjektet.
- For verneframlegg med vasskraftprosjekt i kategori I, vil departementet finne løysningar slik at skipinga av verneområda ikkje vil være til hinder for eventuell konsesjonshandsaming.


Med det kunnskapsgrunnlaget ein hadde den gongen meldinga blei til, syntest det ikkje å vere konflikt mellom kategori I-prosjekt og landsplanen for nasjonalparkar. Dette tyder at det i utgangspunktet ikkje så ut til å vere konflikt mellom prosjekt i kategori I og verneframlegg i landsplanen. Dersom nye forhold likevel skulle føre til konflikt vil dette finne si løysing gjennom konsesjonshandsaminga eller gjennom ei vurdering av prosjektet sin kategoriplassering i samband med rullering av Samla Plan.

Gjennomføring av Væringsåni/Skyvatn-prosjektet (kategori II-6) vil føre til store ulykker for verneinteressene og vere i strid med verneframlegget. Departementet går inn for at området inngår i verneframlegget og at det som følge av vernevedtaket ikkje blir opna for konsesjonshandsaming av prosjektet. For Bånåni-prosjektet (kategori I-2/4) vil ikkje vernevedtaket vere til hinder for konsesjonshandsaming. Departementet vil likevel peike på at prosjektet ved plasseringa i kategori I var forutsett å bli liggjande utanfor eit framtidig landskapsvernombordet slik dette var gjort framlegg om i "Fjellplan for Setesdal Vesthei" – NOU 1974:39. Vurderinga som er gjort i samband med utarbeiding av noverande verneframlegg syner at verneverdiene i det aktuelle området kring Bånåni er så store at området bør vera med innafor eit framlegg til landskapsvernombordet. Departementet går inn for at det aktuelle området inngår i verneframlegget. Dersom ei seinare konsesjonshandsaming av Bånåni-prosjektet skulle føre til vedtak om utbygging, vil vernet ikkje vere til hinder for dette.

Departementet vil elles syne til at vasskraftprosjekt i SP som ligg innanfor fylkedelplanområdet men utanfor verneområdet, skal kunne konsesjonshandsamast på vanleg måte.

NVE vedtok 14. januar 1999 å gje konsesjon til ei stor overføringsline (420 kV) Skåreheia – Holen kraftstasjon. Linetraseen går på austsida av (utanfor) landskapsvernombordet, men går innafor vernegrensa DN har gjort framlegg om, ved Steinheii kalvingsområde i Steinsbuskar-det – Hisdal biotopvernombordet. Vedtaket er påklagd til OED. MD vil uttale:

- Utifrå ei naturfagleg synsstad hadde det vore ønskeleg at denne lina hadde blitt lagt utafor biotopvernombordet: Verneforma biotopvernombordet etter viltlova er likevel valt utifrå at området har stor verdi for dyrelivet trass i store inngrep, m.a.i form av ei stor eksisterande overføringsline. Det er difor ikke ønskeleg å bruke naturvernlova her. Området den nye overføringslina vil gå gjennom, vil også ha så stor verdi for dyrelivet at ein vil halde fast ved avgrensinga DN har gjort framlegg om. Forskrifta for biotopvernombordet vil ikkje vere til hinder for framføring av den nye kraftlinia. Det vil bli gjeve dispensasjon frå forbodet i verneforskrifta til eit slik tiltak, sjå forskrifta sitt pkt. VI.
- Framlegget til landskapsvernombordet er i konflikt med fleire trasalternativ for framføring av kraftlinia. Vernevedtaket og forskrifta for landskapsvernombordet vil ikkje vere til hinder for fullført konsesjonshandsaming av kraftlinia. Dersom det blir gjeve konsesjon til trase-



alternativ innafor landskapsvernområde, vil departementet justere vernegrensa slik at linetraseen fell utanfor verneområdet.

Når det gjeld spørsmåla om køyring til eksisterande kraftanlegg er dette omtala i avsnittet om »Motorisert ferdslle».

### Offentlege vegar

Fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder uttalar at vegen Brokke-Suleskard deler vinterbeiteareala i heiområdet. Det er difor viktig at reinen kan trekke uforstyrra over vegen haust, vinter og tidleg vår. I verneframlegget som gjekk på høyring var datoane for opning av vegen, i samsvar med framlegg i fleirbruksplanen og avtale mellom vegstyresmakta; Sirdal og Valle kommunar, Aust-Agder fylkeskommune og Fylkesmannen i Aust-Agder. 12. april 1999 blei det inngått ein ny avtale om opningstid for vegen. Avtalen har ein kjernetid for opning frå 20. mai til 1. november. Desse tidspunktene kan ved dispensasjon endrast med inntil 10 dager før/etter om våren, og 15 dager før/etter om hausten. For at ein dispensasjon skal kunne innvilgast, må det påvisast at alle simler og ungdyr har trekt over vegen før tida (ved tidlegare opning), at dei har starta trekket før tida (ved tidlegare stenging), eventuelt at trekket er forsinka (ved å utsæte opning/ stenging). Det er og særskilde reglar for når brøytebilen kan gå inn i trekksonen.


Verneplanen er ikkje til hinder for normalt vedlikehald av offentlege vegar. Bygging av naudsynzte møteplassar ligg innafor det ein oppfattar som normal opprustning av vegane. Ein ynskjer ikkje auka ferdslle ut frå vegane av omsyn til sårbare område for villreinen. Normalt vedlikehald må difor ikkje føre til at rastepllassar og parkeringsplassar får ein auka kapasitet og genererer auka ferdslle til skade for verneverdiane.

Fylkesmennene vil ikkje rá til vesentlege endringar på opning/stenging av andre offentlege vegar i verneområdet, då det i dei fleste høve gjeld anleggsvegar der vegbruken er regulert gjennom kraftverkskonsernane.

Fylkesmannen i Vest-Agder syner til at for lokalsamfunnet Lysebotn som er utan anna vegsamband, vil det være uheldig å fastsetje eit bestemt tidsrom for vegopning utan omsyn til snøforholda.

Frafjordheiane som ligg vest for vegen til Lysebotn, utgjer omlag 8 % av villreinen sitt vinterbeiteareal i heiområdet. Det er difor avgjерande for villreinstamma at dei kan nytte desse areala. Snøforholda ved Andersvatnet gjer at det sjeldan blir høge brøytekantar attmed vegen. Det vil vere enkelt å frese ned brøytekantane slik at dei ikkje blir ei barriere for dyra. Trafikken på vegen er ikkje stor på denne årstida, då det ikkje er gjennomfartsveg eller turisttrafikk. Uroing av simler på trekk til kalveområda bør difor ikkje vere stor. Av omsyn til dei fastbuande i Lysebotn finn Fylkesmannen det rett å endre opningstida for vegen mellom Lysebotn og Sirekrok.

Fylkesmannen i Rogaland tilrar at tidspunktet for stenging av vegen mellom Sirekrok-Lysebotn blir flytta til seinast 31. desember slik at vegen blir halden stengt mellom 31. desember og 20. mai.

DN presiserer at verneforskrifta opnar for vanleg vegvedlikehald. For tiltak som bygging av nye møteplassar som medfører utviding av veganleggget må ein ha dispensasjon frå forvaltningsstyresmakta.

DN legg til grunn avtale av 12. april 1999 om opningstider for Brokke-Suleskard-vegen. Forskrifta er endra i tråd med avtalen.

Når det gjeld opningstid for vegen til Lysebotn, går DN inn for ei endring i forskrifta slik at køyring på vegen ikkje er regulert så lengje snøforholda ikkje er til hinder for køyring. Kva reguleringar ein må ha på brøyting av vegen vil vernestyresmakta avtale nærmare med vegvesenet.

#### **Andre saksområde i verneforskrifta**

Fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder visar til FBT/Stavanger sin merknad om militær operativ verksemnd, lov om motorferdsel i utmark og trøng til øvingsområde. Motorferdslelova sine føresegner er underordna verneforskrifta i eit verneområde etter naturvernlova. Dette vil sjølvsagt også gjelde i denne saka. Avtaler om Forsvaret sin bruk av området bør avklara i forskrift og forvaltningsplan.

DN viser til brev av 7. januar 1997 frå FO til Forsvarskommando Nord-Norge og Sør-Norge samt DN, om «Militær operativ virksomhet i vernedde områder». Her går det fram at vanlege øvingar ikkje går inn under »militær operativ verksemnd». Militære øvingar skal i forskrifta oppfattast på same måte som anna større arrangement det kan gjevast løyve til, dersom det ikkje kjem i konflikt med verneføremålet.


Fylkesmannen i Rogaland uttalar at dei ikkje er kjend med sykkeltradisjonar i området. Ei regulering vil neppe ha konsekvensar for gjeldande praksis. Siste tiårs utvikling i bruk av terrengsykkel har ført til auka slitasjeproblem i norsk utmark. Sidan presset frå terrengsykling forventast å auke i åra som kjem, med fare for erosjon og uro for vilt, meiner fylkesmannen at ein bør regulere sykling gjennom forskrifta.

Fylkesmannen avviser framlegget om å sette lokal næringsrelatert ferdsle framom friluftsliv, utover unntaket for ferdsle i samband med tilsyn og sanking av sau. Fylkesmannen syner til høyringsframlegget om ferdslerestriksjonar og går mot ei ytterlegare innskjerping.

Det er reist tvil om plantelivet er godt nok sikra i landskapsvernombudet. Fylkesmannen meiner beitetrykket mange stader er så høgt at plantelivet over tid har blitt vesentleg utarma. Overbeiting er difor det største trugsmålet mot plantelivet. Dette understrekar trøngten for at ein i forskrifta får ein heimel til å regulere beitetrykket.

DN uttalar at ut frå høyringsfråsegnene ser ein at bruken av løypa i Steinsbuskardet er omstridd. Dette spørsmålet vil ein søke og løyse i forvaltningsplanen.

Sykling og riding på vegar, vil ikkje bli særskilt regulert i forskrifta. Trasear for slik ferdsle utanfor veg (i utmarka) skal kartfestast i forvaltningsplanen.



FRIFO meiner DN sin heimel til ved forskrift å regulere ferdsla bør føre til at regulering av organisert ferdsla ikkje er naudsynt. DN uttaler at heimelen til å regulere ferdsla ved forskrift er meint bruk i heilt spesielle høve, der verneverdiane i eit gitt område elles ville ha vore truga. Dette kan t d vere eit sårbart kalvingsområde for villreinen. Ein slik regulering krev ein forskrift, vedteken etter drøfting med og høyring av partar saka vedkjem. Ei ordning der forvalningsstyresmakta kan gje særskilt løyve til organiserte arrangement, er derimot meint for å halde oversikt over den organiserte verksemda som foregår i området, og for at det skal vere mogleg for forvalningsstyresmakta å setje vilkår av omsyn til natur- og kulturmiljøet. Nærare definisjon av organiserte arrangement, og kor mange arrangement som eitt løyve kan omfatte, skal avklarast i forvalningsplanen.

Fleire instansar reiser spørsmål om kvifor ein i sonar med ferdsleregulering opnar for ferdsla langs løyper, for tilsyn og sinking av sau og tilsyn av kraftanlegg. DN vil gjere merksam på at forholdet mellom desse unntaka og farene før-uroing av viltet er nøyne vurderte i verneprosessen, og at ein bør ha opning for slike unntak i forskrifta. I forskrifta for biotopvernombordet vil av den grunn desse unntaka stå. I landskapsvernombordet blir det i følgje Fylkesmannen i Aust-Agder ikkje sleppt sau i området før ferdleforbodstida er over (seinast den 31. mai). DN finn det difor ikkje naudsynt å ha med unntaket om tilsyn og sinking av sau i ferdslereguleringssonane i landskapsvernombordet.


MD meiner at verneforskrifta for landskapsvernombord og biotopvernombord ikkje bør vere til hinder for naudsynt ferdsla for grunneigar for tilsyn av eigedomen sin. Omfanget av slik ferdsla vil neppe vere så stor at dette vil ha negative verknader på dyrelivet. Det er i sluttrunden ført inn ein slik heimel i forskrifta.

DN vil presisere at PBL er eit lite eigna verkemiddel for å regulere ferdsla.

DN påpeikar at det i forskrifta ikkje er opning for dispensasjon til gjødsling av utmark då dette ikkje vil vere forenleg med verneføremålet.

DN er samd med LD i at det er vanskeleg å finne ei god formulering omkring landbruksdrift, men meiner formuleringa av omsyn til natur- og kulturverdiane i området ikkje bør endrast frå «landbruksdrift som på vernetidspunktet» til »tidsmessig landbruk som ikkje kjem i strid med verneformålet» slik LD gjør framlegg om. DN går i staden inn for at ein brukar omgrepene »tradisjonell landbruksdrift» då dette både visar til drifta i dag og eventuelle driftsformer som har vore vanlege før i tida. Gjennomføring av nye driftsformer vil krevje særskilt løyve. På den måten vil forvalningsstyresmakta i det enkelte høve kunne avgjere om tiltaket er i strid med verneføremålet eller ikkje. Når det gjeld vegbygging har ein lagt til grunn at det ikkje skal kunne opnast for bygging av skogsbilvegar innafor landskapsvernombordet. Det er difor ikkje naudsynt å endre omgrepene »jordbruksveg» til »landbruksveg» i forskrifta.

MD vil presisere at forskrifta legg opp til at eksisterande landbruksdrift innafor verneområda skal kunne halde fram som tidlegare, og at det skal opnast for nye driftsformer og anna verksemnd innafor næringa så lenge dette ikkje kjem i strid med verneføremålet. Det skal utøvast ein etter måten streng dispensasjonspraksis i dei mest verdfulle og sårbare naturområda medan ein kan utøve eit romslegare dispensasjonsskjønn i meir ”robuste” område til dømes i



utkanten av verneområdet. Nærare konkretisering og avklaringer på dette må skje i samband med utforminga av ein forvaltningsplan for området.

DN ser trangen for at fylkeskulturetaten må takast med på råd ved handsaming av dispensasjonssøknader, og syner til at nærmere retningsliner for handsaming av søknader vil bli avklart i forvaltningsplanen.

DN vil presisere at kartlegging og undersøkingar av geologiske førekomstar ikkje er problematisk om ein held seg innafor forskrifa sine rammer. Om slike undersøkingar krev t d fysiske inngrep eller ferdsle i sonar med ferdsleforbod, må ein søka om særskilt løyve.

NB og NSF skriv i eit brev etter sentral høyring at forskrifa framleis er for streng, noko som hemmar intensjonen med forvaltningsmodellen og difor reell lokal forvaltning. DN viser til at forskrifa ikkje er til hinder for eksisterande verksemd, og utvikling av dagens verksemd der som den ikkje er i strid med verneføremålet. Ved utarbeiding av forvaltningsplanen vil det bli ei viktig oppgåve å kome fram til rammer for ein rimeleg og god forvaltningspraksis som grunnlag for drifta av verneområdet.


### Forvaltning

Synet på forvaltningsmodell for verneområdet har gjennomgått store endringar frå fleirbruksplanen sitt framlegg om heiråd, via verneplanframleggset sitt framlegg om statleg forvaltning, til det noverande framleggset frå Forvaltningsplanutvalet om kommunal forvaltning. Plassering av forvaltningsstyrestrukta har vore eit sentralt tema, og det har kome mange innspel under verneplanprosessen. Saka har og vore drøfta i Stortinget.

Alle kommunar og fylkeskommunar, Hjelmeland vilt- og innlandsfiskerenemnd, Setesdal-Ryfylke Villreinnemnd og Setesdal Austhei Villreinnemnd, Fylkeslandbruksstyra i Aust- og Vest-Agder, GSR, Lyse sameige, nokre grunneigarar, Statskog Sør- og Vestlandet, Statskog SF, NB, NSF, Eiken Bondelag, Hægebostad Bondelag, Hægebostad Skogeigarlag, Hekkfjellet grunneigarlag, Kvinesdal Skogeigarlag, Kvinesdal Bondelag, Kvinesdal Bonde- og Småbrukarlag, Grunneigarsamskipnaden i Kvinesdal, Kvinesdal Sauavslag, Fjotland Sauavslag, Tonstad Bondelag, Tonstad Skogeigarlag, NB v/Agderkontoret, Rogaland Bondelag, Aust-Agder Bonde- og Småbrukarlag, Bygland Bonde- og Småbrukarlag, 4 Skogeigarlag i Bygland, Valle Bondelag, Valle Skogeigarlag, Valle Saualslag, Rogaland Bonde- og Småbrukarlag, Forsand Bonde- og Småbrukarlag, Bjerkreim Bondelag, Øvre Sirdal Sauavslag, Øvre Sirdal Bondelag, Åseral Skogeigarlag, Åseral Sauavslag, Åseral Bondelag, Grunneigarsamskipnaden i Åseral, Arendal og Oppland Turistforening, Kristiansand og Opplands Turistforening; Naturvernforbundet i Rogaland; Rogaland Jeger- og Fiskerforbund, Stavanger Turistforening, Natur og Ungdom, Den Norske Turistforenings Ungdom, NNV og Kulturnærnes Fellesorganisasjon går inn for at forvaltningsansvaret anten blir delegert til eit heiråd eller direkte til kommunane.

RA uttalar at eit heiråd bør ha deltaking med kulturhistorisk kompetanse.

Fylkeskonservatoren i Vest-Agder meiner at fylkeskonservatoren i større grad enn det er gjort framlegg om, må delta i handsaminga av byggesaker. Delegering av mynde til kommunane innafor kulturminnevernet må føre til at kommunane blir tilført ressursar til å etablere kompetanse på dette feltet.



Arkeologisk Museum i Stavanger meiner forvaltninga må vere ei statleg oppgåve. Det bør oppretta eit rådgjevande utval med kompetanse innan zoologi med vekt på villrein sin åtferd og kulturhistorie med vekt på høgfjellsarkeologi og automatisk freda kulturminne.

NFS tilrår eit delt forvaltningsansvar mellom lokalt og statleg nivå. Det bør oppretta ein stilling som nasjonalparkforvaltar som skal ha som oppgåve å koordinere forvaltninga i dei tre fylka. Alternativt må ein av fylkesmennene få koordineringsansvaret. Eit heiråd bør etablerast som eit diskusjonsforum for forvaltninga.

Vest-Agder Energiverk, NVE, Statkraft SF og OED ber om at ein representant frå kraftsel-skapa som har interesser i verneområdet får fast plass i heirådet.

USS støttar fylkesmennene i Agderfylka sitt framlegg om sterk grad av delegering til kommunar som har kompetanse og vilje til ei ansvarleg forvaltning.

Naturvernforbundet i Vest-Agder meiner forvaltninga bør leggast til sentrale styresmakter for å sikre allmenne interesser, bevare naturgrunnlaget og få mest mogleg lik forvaltning av dei forskjellige områdene.


DNT går inn for å legge forvaltninga til eit heiråd, men at det formelle ansvaret ligg hos fylkesmennene.

NJFF ser det som naturleg at NJFF og DNT blir representerte i eit heiråd. Dersom deler av forvaltninga skal delegerast til kommunane må denne leggjast opp innafor klare rammer, og fylkesmennene må kunne føre kontroll med at forvaltninga held seg innafor desse rammene. NJFF meiner det er uakseptabelt at mynde i høve til bygge-/inngrepsaker blir delegert til kommunane, men kan gå med på ein diskusjon om delegering av mynde i høve til motorferdsle. Det må ligge føre eit rapporteringssystem for kvalitetssikring av prøveprosjektet med lokal-basert forvaltningsmodell.

Fylkesmennene går inn for stor grad av delegering av forvaltningsmynde til kommunane. Dei går vidare inn for skiping av eit rådgjevande heiråd.

Etter at Forvaltningsplanutvalet kom med si tilråding, blei framlegget om ein prøveordning støtta av alle fylkesmenn og kommunar. Framlegget baserer seg på ein forsøksperiode på fem år der forvaltninga av forskriftene blir delegert til kommunane. Hovudtrekka i Forvaltnings-planutvalet sin tilråding er:

- Som ein forsøksordning blir kommunestyret tillagt forvaltningsmynde for verneområdet etter verneforskrifta innafor sine kommunegrenser. For å få ei heilskapleg forvaltning på tvers av kommunegrensene foreslår utvalet at det vert oppretta eit fagleg nettverk der sakshandsamarane i kommunane kan drøfte aktuelle saker/tema. Det bør oppretta eit nettverkskoordinator, eit ordførarutval og eit rådgjevande kontaktutval (heiråd) for verneområdet. Heirådet skal vere breitt samanhørt. Det kan årleg skipast ei samling med brei deltaking for å drøfte forvaltninga av verneområdet.
- Forsøksperioden skal vare ut 2005. Evalueringa skal være heile forsøksperioden.
- Eit krav for å få delegert forvaltningsmynde er at kommunen har personell med tilstrekkeleg naturfagleg (evt. juridisk eller planfagleg) kompetanse for å ivareta forvaltningsoppgåvene, og må stille naudsynte personell til disposisjon til dette arbeidet.
- Ein forvaltningsplan for verneområdet skal utarbeidast av eit interkommunalt sekretariat med ei referansegruppe. Arbeidet skal finne stad i nær kontakt med kommunane som samstundes utarbeider kommunedelplanar for hele fylkesdelplanområdet. Dette ar-



beidet startar så snart vedtak om vern ligg føre og forvaltningsmynde er delegert til kommunane. Frist for dette arbeidet er sett til 31. desember 2000.

DN meiner Forvaltningsplanutvalet si tilråding om modellar for forvaltning og utarbeiding av forvaltningsplan langt på veg bør først vidare som ei forsøksordning. Forvaltningsutvalet legg til grunn at kommunene sine meirutgifter som følge av verneplanen og fylkesdelplanen vil bli nærmere 10 mill kr over prøveperioden på 5 år. Dei aktuelle kommunane og fylkesmennene må gjennom vidare drøftingar bli samde om eit forvaltningsopplegg innafor dei økonomiske rammene som står til rådvelde.

Sjølv om det ideelt sett burde ligge føre ein godkjent forvaltningsplan før vedtaket om delegering, vil DN likevel gå inn for at mynde blir delegert like etter sjølve vernevedtaket. For å få ei kortast mogleg avstand i tid mellom delegasjonsvedtak og endeleg forvaltningsplan, har DN i brev av 4. mai 1999 bede partane om å starte opp arbeidet med å lage ein forvaltningsplan så raskt som mogleg sjølv om dette var i strid med Forvaltningsplanutvalet si tilråding om å avvente vernevedtak og delegasjon.

DN vil særleg framheve utvalsrapporten sine krav til kompetanse og samhandling kommunane imellom. Desse momenta er viktige for å få til ei heilskapleg forvaltning av verneområdet. Når det gjeld heirådet si samansettning meiner DN at det i tillegg til representasjon frå det ofentlege, Statskog og næringsorganisasjonane bør vere fast representasjon frå naturvern- og friluftsorganisasjonar. Det bør vurderast om ikkje alle kommunane bør vere med.


Eit heiråd og forvaltningsplanen bør dekkje både landskapsvernombordet og biotopvernombordet.

I forskrifa for landskapsvernombordet er fylkesmannen tillagt mynde for å avgjere tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg (sjå pkt. 1.1 i forskrifa). Dette er gjort av di slik mynde i naturvernlova er lagt til fylkesmannen men og av di det vil vere hensiktsmessig for kommunane å ha eit anna organ som ein kan vende seg til og få løyst slike spørsmål når dei sjølv er i tvil.

DN skal vere ankeinstans uavhengig av kven som er forvalningsstyresmakt. DN vil ha ansvaret for å godkjenne forvaltningsplan for verneområdet.

Det er avsatt 3.3 mill kr. (øremerkte) på statsbudsjettet til forvaltning og oppsyn for inneverande år. Statens Naturoppsynt (SNO) skal opprette tre stillingar i det totale heiombordet. Dette skal det taka vare på ved utarbeidingsa av forvaltningsplanen og organiseringa av den praktiske forvaltninga. Det skal arbeidast for ein samordning av oppsyn av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiiane og dei omkringliggjande verneområda, med tanke på ein effektiv utnytting av SNO-personell.

Ei evaluering av forsøksordninga bør etter DN sitt syn kome i gang raskast mogleg for å få med seg både fasen med utarbeiding av forvaltningsplan, kompetanseoppbygging og sjølve forvaltningsfasen. Alle desse fasane er viktig for det totale biletet av korleis lokal forvaltning fungerer i praksis. DN er samd med Forvaltningsplanutvalet sitt framlegg om bruk av ekstern kompetanse til evalueringa.




MD vil uttale:

Stortinget har i samband med handsaminga av lov om Statens Naturoppsyn (Innst.O. nr. 64 (1995.96)) bede om at det blir sett i verk forsøk med ulike modellar for lokal medverknad i forvaltinga av ein eller fleire nasjonalparkar. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane var nemnd som eit døme. Sjølv om det ikkje skal opprettast nasjonalpark i området, meiner departementet det vil vere interessant med eit prøveprosjekt for forvalting med lokal forankring i kommunane. Departementet sluttar seg til DN sine merknader på dette punkt. Kommunane blir særstakt viktige i oppfølginga både av verneplanen og fylkesdelplanen. Departementet sluttar seg i denne samanheng til Forvaltningsplanutvalet sitt framlegg om at kommunane bør utarbeide kommunedelplaner for området parallelt med forvaltningsplanarbeidet. Det er viktig at det blir ei mest mogleg heilskapleg forvalting i området, noko som er lettare å få til i eit slikt prøveprosjekt, der ulike planformer utfyller kvarandre, og der eit heiråd har ansvaret for at retningslinnene blir følgde opp.

Framlegget til verneområde omfattar i alt 8 kommunar der alle har vist seg positive til ei prøveordning. I sluttfasen av vernearbeidet har likevel kommunar i Vest-Agder trekt seg frå samarbeidet i protest mot at store områda sør for Brokke-Suleskardvegen har vore med i vurderinga som landskapsvernombudet. Desse kommunane ønskjer likevel å delta i prøveordninga men vil ikkje ha vern etter naturvernlova av noko område innafor sine kommunegrenser. Departementet vil her syne til at eit prøveprosjekt med lokal forvalting er knytt til forvaltinga av verneområde etter naturvernlova. Det vil såleis ikkje vere aktuelt å trekke inn kommunar i prøveprosjektet dersom kommunen ikkje har deler av verneområdet innafor sine grenser men berre område innafor fylkesdelplanområdet. Departementet vil vidare peike på at ein ikkje kan påleggje kommunane forvaltningsansvar etter naturvernlova og at overføring av slik mynde må basere seg på ein friviljug avtale mellom staten og den einskilde kommunen. Slike forhandlingar mellom fylkesmannen/direktoratet og kommunane vil starte opp straks etter vernevedtaket. For dei kommunar som ikkje ønskjer å delta i forsøket, vil direktoratet finne andre løysingar.

Kommunane har bede om at kommunane sitt forvaltningsansvar slik framlegget til prøveordning legg opp til, bør framgå direkte av forskrifta til verneområda. MD meiner at så lenge det er uklart kven som på sikt vil bli forvaltningsstyremakt, vil det vere hensiktsmessig at DN er tillagt slik delegeringsmynde. Sjølv om det i forskrifta formelt er DN som avgjer kven som skal vere forvaltningsstyremakt, er det ein føresetnad at det skal gjennomførast ein prøveordning med lokal forvalting som omtalt ovenfor.

Fylkesdelplanen blir godkjent i eit eige brev fra miljøvernministeren, der det blir synt til vedtaket i kronprinsregenten sin resolusjon.



Miljøverndepartementet  
tilrår

I

I medhald av lov av 19. juni 1970 nr 63 om naturvern §§ 5 og 6, jfr §§ 14, 21, 22 og 23, er Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane i Bykle; Valle og Bygland kommunar i Aust-Agder fylke, Åseral, Hægebostad; Kvinesdal og Sirdal kommunar i Vest-Agder fylke og Forsand kommune i Rogaland fylke verna som landskapsvernområde med dyrelivsfredning i samsvar med vedlagt forskrift og kart.

II

I medhald av lov av 29. mai 1981 nr 38 om viltet § 7, 2. ledd er Steinsbuskardet – Hisdal i Bykle kommune i Aust-Agder fylke verna som biotopvernområde i samsvar med vedlagt forskrift og kart.



